

Ingrid Marie Heiene

«Omskrivning for den ubrugelige genitiv»

Om utviklinga av *sin*-possessiven, sett i lys av genitivbortfallet
i mellomnorsk

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, juli 2016

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur



Samandrag

Denne oppgåva ser på utviklinga av *sin*-possessiven i norsk (også kjent som *garpegenitiven*). Oppgåva spør for det første om det er rimeleg å hevde at *sin*-possessiven oppstod for å erstatte den norrøne possessivkonstruksjonen med genitiv kasus. For det andre undersøker ho om overgangen frå den norrøne genitivpossessiven til *sin*-possessiven kan ha vore motivert ut frå språkleg økonomi, slik dette omgrepet er definert gjennom økonomiprinsippa *Late Insertion*, *Head Preference* og *Economy of Features*. Sidan ei slik undersøking krev at ein samanliknar analysar for desse to strukturane, er ein sentral del av oppgåva å tilpasse ein nomenfraseanalyse for moderne norsk til norrønt.

Oppgåva konkluderer med at utviklinga frå den norrøne genitivpossessiven til *sin*-possessiven bryt med økonomiprinsippa nemnde over, og at vi derfor må sjå etter andre forhold som kan ha motivert overgangen frå den eine konstruksjonen til den andre.

Takk til vegleiarane mine, Kristin Melum Eide og Ivar Berg, som har vore parat med fagleg hjelp på alle problem (og til nesten alle døgnets tider, har det innimellom verka som). Det hadde gått an å skrive ein master utan støtte frå den kompetansen, interessa, entusiasmen, positiviteten, omtanken og det humøret dokker har stilt med, men eg er uendeleg takksam for at eg slapp.

Takk også til vennar og medstudentar for alt nødvendig tull og alle gode råd.

Til alle vennlege sjeler som i løpet av dette året høfleg har spurt meg om kva eg skriv master om, og som eg har prøvd å gi eit svar: Unnskyld.

Innhald

i.	Liste over glossar med forklaring.....	ix
ii.	Forkortingar for primær- og sekundærkjelder til språklege data.....	ix
1	Innleiing.....	1
2	Bakgrunn	3
2.1	Genitiv kasus vs. moderne norske possessivar	3
2.2	Forsvann genitiv kasus samtidig som sin-possessiven dukka opp?.....	6
2.2.1	Når og korleis forsvann genitiv kasus?.....	6
2.2.2	Når og korleis dukka <i>sin</i> -possessiven opp?.....	9
2.2.3	Utviklingshypotesen i norsk	12
2.2.4	Lånehypotesen i norsk.....	14
2.2.5	Oppsummering	16
3	Teori	17
3.1	Kort om syntaksteori	17
3.2	«Betre»: Om økonomi i språk	18
3.2.1	Tre økonomiprinsipp	18
3.2.2	Bruken av økonomiprinsippa i denne oppgåva	20
3.3	Norrøne DP-analysar	21
3.4	Juliens (2005) analyse av nominalfrasar i moderne norsk	23
3.4.1	Den første fasen: nP.....	24
3.4.2	Den andre fasen: dei funksjonelle projeksjonane α P, CardP, PossP og DP.	25
3.4.3	Possessorar	27
3.4.4	Etterstilte possessorar	27
	Etterstilte possessivpronomen	27
	Preposisjonspossessorar (PP-possessorar).....	28
	Hans/hennar-possessorar	29
3.4.5	Førestilte possessorar.....	30
	Sin-/s-possessorar.....	30
	Førestilte possessivpronomen.....	31
4	Metode.....	32
4.1	Problem i historisk syntaksforskning	32
4.2	Korpus	33
5	Analyse.....	34
5.1	Ein analyse av possessive nominalfrasar i norrønt	34
5.1.1	Synleg uttrykt bestemtheit vs. kasus som markør for referensialitet.....	35
5.1.2	Posisjonen og forma til adjektiv	37

5.1.3	Posisjonen og forma til possessorar.....	43
5.1.4	Oppsummering av analysen av norrøne DP-ar.....	45
5.2	Moderne <i>sin</i> -possessivar vs. eldre eksempel.....	45
5.3	<i>Sin</i> -possessiven meir økonomisk enn genitiven?	47
6	Drøfting	50
6.1	Var <i>sin</i> -possessiven med på å fortrenge genitiv kasus?	51
7	Konklusjon	54
8	Kjelder.....	56
	Vedlegg 1: Korpus: Norrøne nomenfrasar	i
	Vedlegg 2: Korpus: Eldre norske nomenfrasar	iv

i. Liste over glossar med forklaring

PL	Plural
SG	Singular
F	Femininum
M	Maskulinum
N	Nøytrum
NOM	Nominativ
AKK	Akkusativ
GEN	Genitiv
DAT	Dativ
DEF	Definitiv
POSS	Possessiv
REFL	Refleksiv

ii. Forkortingar for primær- og sekundærkjelder til språklege data

Referansane består av ei forkorting for kjelda og eit sidetal. Før sidetalet står i nokre tilfelle bindnummer (romartal), etter sidetalet står i nokre tilfelle linjenummer (skilt frå sidetalet med punktum). Referansane til Venås er oftast følgde av eit årstal; dette er året teksten er trykt.

Står sekundærkjelda i parentes, betyr det at eksempelet eg bruker er henta direkte frå ei primærkjelde, og avvik noko frå eksempelet sekundærkjelda gir.

Abs.Db	Absalon Pederssøn Beyers dagbok 1552–1572 (Absalon Pederssøn Beyer, 1963)
Abs.ONR	Absalon Pederssøn Beyer: Om Norgis Rige. (Absalon Pederssøn Beyer, 1928)
Barl	Barlaams ok Josaphats saga (Keyser & Unger, 1851)
Berg.T	Bergens Tingbok
Bib 1550	Christian III's bibel
Dass I	Nordlands Trompet, Høvedsdikting (Dass, Heggelund, Apenes, & Harr, 1997b)
Dass II	Bibelsk visebok, Katekismesangene (Dass, Heggelund, Apenes, & Harr, 1997a)
DN b nr	Diplomatarium Norvegicum (bind, brevnummer)
Eg.	Egilssoga (Þórðarson, 1856)
F&T	Falk og Torp (1900)

Faa	Faarlund (2004)
Flat	Flateyjarbok (Vigfússon & Unger, 1860)
Fm	Fornmanna sögur (Sturluson, 1829)
Fritz	Fritzners ordbok (Fritzner, 1954)
Fund	Bergens Fundas (Sørliie, 1957)
GG	Gylfaginning (frå Haugen, 1994)
Gunnl	Gunnlaugs saga ormstungu (Jónsson, 1916)
Heilag	Heilagra Manna Sögur (Unger, 1877)
Helr	Helreið Brynhildar (Codex Regius)
Hkr.Ung	Heimskringla (Unger & Sturluson, 1868)
Hkr.Jón	Heimskringla (Sturluson & Jónsson, 1893–1901)
Hkr.Ung	Heimskringla (Unger & Sturluson, 1868)
Holb	Holberg (ikkje nærmare spesifisert)
Hóm.Ind	Gammalnorsk homiliebook (Indrebø, 1931)
Hom.Ung	Gammalnorsk homiliebook (Unger, 1864)
Iv	Iversen (1932)
J.Niels.	Biskop Jens Nielsens Visitatsbog (1574–1597) (ikkje nærmare spesifisert)
Kgs	Konungs skuggsiá (Holm-Olsen, 1945)
Laxd	Laxdæla saga (Kaalund, 1891)
LvG	Lohndal og van Gelderen (2008)
Låke	Låke (2007)
Nesse	Nesse (2002)
Nyg	Nygaard (1966)
Of	Soga om Ofeig den sløge (Indrebø, 1920)
OH	Saga Ólafs konungs ens helga (Unger, 1853)
P.Cl.	Peder Claussøn Friis' Norske Kongers Chronica og Norriges Bescriffuelse
Pr.	Fire og fyrretyve Prøver af oldnordisk Sprog (Gislason, 1860)
St.D.Pr.	Stavanger Domkapitels Protokol 1571–1630 (Brandrud, 1901)
SE	Edda Snorra Sturlusonar (Sturluson & Egilsson, 1848)
Stj	Stjórn (Unger, 1862)
Ven	Venås (1990)

1 Innleiing

Denne oppgåva skal dreie seg om den norrøne genitiven og arvtakarane hans. I kapittelet om genitiv i Falk og Torps *Dansk-norskens syntax* finn vi denne setninga: «I det vesten- og nordenfjeldske Norge, altså i de egne hvor den tyske indflydelse er sterkest, er ‘sin’ den almindelige omskrivning for den ubrugelige genitiv» (Falk & Torp, 1900, s. 46). Setninga viser til eigedomsuttrykk som i eksempla (1) og (2) nedanfor. Påstanden sitatet over kjem med om utbreiinga, stemmer, ifølgje Torp (1973, s. 131ff): Konstruksjonen har tradisjonelt høyrte til i det vestlege og nordlege Noreg, dvs. den vestlege kysten og område som er knytte til han (i seinare tid har han spreidd seg derfrå). Konstruksjonen blir innimellom kalla *garpegenitiv*, men i denne oppgåva vil eg bruke det meir sjølvforklarande og nøytrale namnet *sin-possessiv*.

Som vi ser nedanfor, består konstruksjonen av tre delar: ein *possessor* (dvs. den som eig; i eksempla under er det Jon eller Mari), eit *possessum* (det som blir eigd), og ei form av possessivpronomenet¹ *sin*. Possessoren må stå før possessumet og *sin*-forma. *Sin* samsvarer som elles i språket med possessumet i genus og numerus, mens possessorens genus og numerus er irrelevant. Dei fleste dialektar som bruker konstruksjonen, krev at possessoren er ein nominalfrase, dvs. 3. person, og helst noko levande (animat), men unntak finst frå begge krava (Julien, 2005a, s. 226).

- (1) Jon/Mari sin bil
- (2) Jon/Mari sine vennar

Det ligg ein del implisitt i Falk og Torps påstand ovanfor. Det første er at possessivkonstruksjonar med «*sin*» er ei omskriving, dvs. eit slags substitutt eller ei erstatning, for ein genitiv som for det andre ikkje er brukande. Det tredje er at dette har noko med tysk påverknad å gjere.

I denne oppgåva vil eg undersøke dei to første påstandane. Nærmare bestemt vil eg prøve å svare på desse to spørsmåla:

- 1. Oppstod *sin*-possessiven i norsk som ei erstatning for ein genitiv som ikkje lenger var brukande?**
- 2. Viss han *ikkje* gjorde det, kan han ha erstatta genitiven fordi han var «betre», i tydinga *meir økonomisk*?**

For å kunne svare på desse spørsmåla, må vi først slå fast om genitiv kasus faktisk forsvinn omtrent samtidig som *sin*-possessiven dukkar opp, og om det verkeleg stemmer at kasusen ikkje lenger er brukande. Dette vil eg sjå nærmare på i kapittel 2: *Bakgrunn*.

¹ I *Norsk Referansegrammatikk* heiter denne ordklassa strengt tatt berre *possessiv*. Men sidan eg i denne oppgåva kjem til å bruke omgrepet possessiv også om possessivkonstruksjonar generelt, vil eg konsekvent bruke *possessivpronomen* om den tidlegare ordklassa *eigedomspronomen* for å unngå forvirring.

Deretter må vi definere kva vi skal rekne som «betre». Eg vil ta utgangspunkt i van Gelderen (2004), som hevdar at *grammatikalisering* (= visse påstått universelle regelmessigheiter i språkending – vi kjem tilbake til emnet i 3.2.1) er resultat av at førstespråksinnlærarar søker å danne dei riktige konstruksjonane «ad minste motstands veg», dvs. ved hjelp av så enkle syntaktiske prosessar som muleg. Eg vil presentere denne tanken, og tre økonomiprinsipp baserte på han, nærmare, i kapittel 3: *Teori*, der eg også vil sjå på alternativ til tanken om at førstespråksinnlærarar er hovuddrivkrafta i språkending. For å kunne seie om den moderne *sin*-possessiven er «betre» enn den norrøne genitiven målt etter dei tre økonomiprinsippa, må eg vidare ha ein syntaktisk analyse av moderne norske possessive nominalfrasar og ein samanliknbar analyse av norrøne ditto. For moderne norsk vil eg bruke Marit Juliens analyse av skandinaviske nominalfrasar (2005a). Sidan det ikkje finst nokon direkte samanliknbar analyse for norrøne nominalfrasar, vil eg sjølv føreslå ein, basert på Juliens analyse for moderne norsk og på analysane av norrøne nominalfrasar i Faarlund (2004) og Låke (2007). I tillegg til desse to større analysane vil eg stø meg til analysen i Lohndal og van Gelderen (2008). Alle desse blir også presenterte i teorikapitlet.

I tillegg til nomenfraseanalysane nemnde over, har eg brukt data frå norrønt og eldre norsk i utarbeidinga av analysen. Korleis eg har gått fram for å velje ut desse står i metodekapitlet, som på grunn av oppbygginga av oppgåva står som kapittel 4. Ein del av dataa vil eg presentere mens eg tar dei i bruk i kapittel 5: *Analyse*; dei resterande finst i korpuset som er vedlagt oppgåva.

I kapittel 6: *Drøfting* vil eg diskutere kva svar denne analysen gir på problemstillinga. Eg vil også diskutere kva andre forhold som kan ha styrt endringa i den retninga ho har gått, og kva relevans situasjonen i dagens norsk kan ha for spørsmålet, før eg summerer opp.

Glossane eg bruker i trekkanalysar og trestrukturar er ikkje alltid forklarte i teksten. Dette har eg gjort for å betre leseflyten. Alle glossar står lista opp med tyding først i oppgåva.

I dei språklege eksempla er det som regel berre nominalfrasane eg er interessert i, og eg vil derfor i mange tilfelle utelate setningskonteksten dei står i. I dei tilfella der eg meiner konteksten er nødvendig for forståinga, har eg inkludert resten av setninga. Eksempla er stort sett henta frå sekundærkjelder, og eg viser til desse og til primærkjeldene, der referanse til desse finst. I dei tilfella der det er konflikt mellom primær- og sekundærkjeldene eg har undersøkt, gir eg att primærkjeldas versjon av dataa. I desse tilfella står sekundærkjeldene i parentes. For å spare plass, er både primær- og sekundærkjelder forkorta i dei språklege eksempla; ei liste over desse forkortingane finst først i oppgåva saman med lista over glossar.

2 Bakgrunn

I dette kapittelet vil eg sjå på dei historiske forholda rundt innføringa av *sin*-possessiven og utfasinga av genitiv kasus. Eg vil først vise korleis den norrøne genitiven og dei moderne norske possessivane skil seg frå kvarandre. Deretter vil eg sjå på når og korleis genitiv kasus forsvann. Til slutt vil eg sjå på kva vi veit og kva vi trur om innføringa av *sin*-possessiven i norsk.

2.1 Genitiv kasus vs. moderne norske possessivar

Det er allmenn semje om at moderne norsk, med unntak dei såkalla dativdialektane, ikkje har morfologisk kasus i substantivbøyinga lenger, i det minste ikkje produktivt. I standard skriven norsk skil ein mellom ulike kasusformer berre i pronomenbøyinga, og berre mellom nominativ- og akkusativformer (Faarlund, Lie, & Vannebo, 1997, s. 316).

Norrønt skilde derimot mellom fire morfologiske kasus: nominativ, akkusativ, dativ og genitiv. Sterke substantiv hadde endingane *-s*, *-a* og *-(a)r* i genitiv, mens svake fekk endingane *-a*, *-na*, *-u* eller *-i*. Ifølgje Nygaard (1966, s. 128) står genitivfrasar som regel adnominalt, dvs. som del av nominalfrasar («substantiver eller substantiviske ord»). Kasusen opptre sjeldnare til verb eller adjektiv, og berre ganske sporadisk som adverbial. Faarlund (2004, s. 19) understrekar at når genitivfrasar står saman med verb, adjektiv eller preposisjonar, er det fordi desse bestemte verba, adjektiva og preposisjonane krev det, ikkje fordi genitiv kasus uttrykker noko bestemt semantisk innhald. Sjølv om det er eit visst system for kva semantiske forhold det kan vere mellom ein genitivfrase og ordet som styrer han, er dette systemet nemleg ganske mangslunge. Når det gjeld den adnominale genitiven, klarer ingen av forfatarane eg stør meg til å finne noko fullstendig einskapleg semantisk prinsipp bak den heller – Falk og Torp prøver halvhjarta med den «meget ubestemte» generaliseringa at genitiv på ein eller annan måte uttrykker samhøyrslø (1900, s. 16). Det grundigaste forsøket (Toft, 2009, som undersøker adnominal og adverbale genitiv) skil mellom tre semantiske «centres of gravity» i den norrøne adnominale genitiven, nemleg possessiv, partitiv og klassifiserande tyding. Nokon klar semantisk samanheng mellom den adnominale og den adverbale genitiven finn Toft derimot ikkje (s. 352ff).

Sjølv om det altså synest vanskeleg å finne noko klart semantisk særrområde for kasusen, hadde genitiven minst eitt *syntaktisk* særrområde, nemleg å markere nominale frasar som del av andre nominale frasar (dvs. adnominal bruk). Ifølgje Faarlunds analyse av norrøne nomenfrasar kan ein adnominal genitiv enten stå prenominalt – i så fall kjem han også før eventuelle adjektiv – eller postnominalt (2004, s. 55). Det siste er det vanlegaste, sjølv når alle andre utfyllingar til nomenet står før det. Genitivleddet kan opptre i form av ein nomenfrase i genitiv, eit pronomen i genitiv (*hans*, *hennar*, *þeira*), eller eit possessivpronomen, som interessant nok ikkje treng å stå i genitiv kasus, men deler kasus med kjernenomenet i frasen (s. 59). Det er aldri meir enn éin adnominal genitiv i ein nomenfrase (s. 64). Ulikt i moderne norsk (sjå neste side)

er det heller ingen fast samanheng mellom genitivar og bestemtheit; som elles i norrønt er synleg uttrykt bestemtheit uvanleg (s. 60). Under følgjer eksempel på desse ulike variantane av adnominal genitiv i norrønt.

- (3) Førestilt possessivpronomen: *yðvarr* *misfari*
dykk.POSS.NOM.M.SG forsprang.NOM.M.SG
'Dokkar forsprang' (Flat II 361.16; Nyg 133)
- (4) Førestilt nominalfrase: *jarls* *sæti*
jarl.GEN.M.SG sete
'Jarlens sete' (Nyg 129)
- (5) Førestilt pronomen: *þeira* *verk*
dei.GEN gjerning.NOM.N.SG.
'Deira gjerning' (SE 8.36; Nyg 52)
- (6) Etterstilt pronomen: *bór-r* *hans*
gard-NOM.M.SG han.GEN
'Garden hans' (Nyg 129)
- (7) Etterstilt possessivpronomen: *draum* *þin-n*
draum.AKK.M.SG du.POSS-AKK.M.SG
'Draumen din' (Gunnl 4.5; Faa 64)
- (8) Etterstilt nominalfrase: *son* *Ólafs* *hvíta*
son.AKK.M.SG Ólaf.GEN.M.SG kvit.GEN.M.SG
'Sonen til Olaf Kvite' (Nyg 129)

I moderne norsk finst det seks ulike adnominale possessivkonstruksjonar (jf. Julien, 2005a; Torp, 1973), inkludert føre- og etterstilt possessivpronomen:

- (9) Førestilt possessivpronomen: Hans hest
- (10) Possessiv med *-s* (*-s*-possessor): Josteins hest
- (11) Possessiv med *sin* (possessordobling): Jostein sin hest
- (12) Etterstilt possessivpronomen: Hesten hans
- (13) Possessiv med preposisjon: Hesten til Jostein
- (14) Possessiv med *hans/hennar*:² Hesten hans Jostein

² Possessiv med *hans/hennar* kunne kanskje, like rimeleg som possessiv med *sin*, bli kalla ein possessor-doblingskonstruksjon. I så fall burde vi skilje mellom pre- og postnominell possessordobling. Det er likevel, slik eg

Dei moderne norske possessivane skil seg frå dei norrøne på fleire måtar. For det første vekslar dei fast mellom prenominal possessior og ubestemt possessum på den eine sida, og postnominal possessior og bestemt possessum på den andre. Nokon slik effekt finst ikkje i norrønt. For det andre må alle dei norske possessiorane som ikkje er possessivpronomen, men nominalfrasar (*DP-possessorar*), ha følgje av eit possessivpronomen (*sin, hans/hennar*), ein preposisjon (*til, åt* osv.), eller ein *-s*. Tidlegare har ein sett på denne såkalla genitiv-*s*-en som ei overlevd kasusending, men denne tolkinga er problematisk, og det har blitt føreslått å i staden sjå på *-s*-en som eit klitikon, dvs. eit eige, men ikkje-frittstående ord (diskusjonen rundt dette er godt utdjupa i bl.a. Norde (1997a)). Vi kan dermed føye til lista at mens dei norrøne DP-possessorane viser genitivbøying, gjer ingen av dei moderne norske det.

Ein annan forskjell er at mens distribusjonen til norrøne genitivar er fri – dei kan vere føre- eller etterstilte – er moderne norske possessorar syntaktisk nokså immobile. Preposisjonspossessorar og possessorar med *hans/hennar* står alltid etter nomenet (Juliens DP-analyse (2005a, s. 171; 203ff) gir ei strukturell forklaring på korfor; vi kjem tilbake til denne i 3.4.4). Under er (13) og (14) gjentatt med førestilt possessor for å demonstrere dette. Som vi ser, blir resultatet ugrammatisk når vi flyttar desse possessortypene føre possessumet, sjølv når vi prøver å forbetre konstruksjonane ved å la dei følgje bestemtheitsvekslinga mellom pre- og postnominelle possessorar slik vi er vande til ho i moderne norsk:

(15) * Til Jostein hesten/hest

(16) * Hans Jostein hesten/hest

Sin- og *-s*-possessiven er på same vis alltid førestilte, og kan aldri stå postnominelt:

(17) * Hest/hesten Josteins³

(18) * Hest/hesten Jostein sin

Nok ein gong gir Juliens DP-analyse ei strukturell forklaring på korfor det er slik, utan at eg skal gå inn på denne her (vi kjem tilbake til ho i 3.4.5). Foreløpig er det nok å seie at den same forklaringa gjeld for både *sin-* og *-s*-possessiven, sidan *-s* er det same elementet som *sin* i Juliens DP-analyse. Det verkar rimeleg, også

ser det, ikkje grunn til å sjå desse to konstruksjonane som nærmare i slekt enn andre possessivar. Sidan eg ikkje vil bruke mykje plass på possessiv med *hans/hennar* i denne oppgåva, vil eg reservere omgrepet possessorabling for den prenominal possessordblingskonstruksjonen i det følgjande.

³ Merk at denne konstruksjonen faktisk finst i nokre norske målføre (Torp, 1973, s. 138). Innanfor dei rammene eg sett opp i denne oppgåva, betyr det at vi må rekne med at *-s*-endinga i desse målføra faktisk kan vere ei kasusending. Dette overlét eg likevel til andre å undersøke. Hovudsaka i mi oppgåve er at denne varianten ikkje finst hos talarar som har *sin*-possessiv.

sidan desse to ser ut til å ha hatt komplementær distribusjon i det norske dialektlandskapet – har eit målføre hatt den eine varianten, har det ikkje hatt den andre (Torp, 1973, s. 132).

Det verkar altså som om dei ulike DP-possessorane i moderne norsk har ein strengt fordelt komplementær distribusjon i syntaksen: Preposisjonspossessorar og *hans/hennar*-possessorar i postnominell stilling, *sin-* og *-s*-possessorar i prenominell. Frå gjennomgangen av norrønt hugsar vi at der kunne den same typen possessor vere både før- og etterstilt. Det verkar dermed tydeleg at ingen av dei moderne norske possessorane har dei same eigenskapane som genitivpossessorane i norrønt.

2.2 Forsvann genitiv kasus samtidig som sin-possessiven dukka opp?

2.2.1 Når og korleis forsvann genitiv kasus?

Språket i tekstar er konservativt – slik Larsen (1897) skriv, er det iallfall i dei mellomnorske kjeldene tydeleg at ein skriv slik ein har *lært*, ikkje slik ein snakkar. Tekstundersøkingar kan likevel gi eit inntrykk av om dei individa som skreiv, sjølv kan ha brukt det gamle genitivsystemet. Endringar og vakling mellom ulike former, ikkje berre i tekstar frå same periode, men hos individuelle skrivarar (i fleire tilfelle vakling innanfor same tekst eller til og med innanfor same frase), kan vise oss når genitivane begynte å få konkurranse frå andre konstruksjonar, og frå kva slags konstruksjonar. Dei seier oss også noko om kva input nye generasjonar kan ha fått.

Før vi svarer på spørsmålet om når genitiv kasus forsvann, må vi nansere bildet litt. Torp (1973, s. 124) peiker på at når ein tidlegare har sett på *-s*-possessiven som ein overlevd genitiv, og genitiven dermed som den mest seigilva kasusen, er det «påfallande» at genitiv kasus tvert om ser ut til å vere den kasusen som held seg *dårlegast* i færøysk, islandsk, og i konservative norske dialektar, som altså har behalde dativen, men ingen genitiv. Over bestemte vi oss for ikkje å sjå på den moderne norske *-s*-possessiven som ein genitiv, men nøyaktig kva tid *-s*-endinga tar steget til å bli eit klitikon er vanskeleg å avgjere, og spørsmålet er såleis flokete: Kor lenge heldt genitiven seg eigentleg? Vi kan løyse litt opp i floka om vi skil mellom ulike typar genitiv, ifølgje Berg (2015, s. 2).

Det første skiljet vi må sette, er mellom *leksikalsk* og *strukturell* kasus. Dette skiljet er vanleg særleg innanfor generativ grammatikk. Strukturell kasus heng saman med bestemte posisjonar i syntaksen – utdeling av nominativ kasus til subjektet i setninga er eit typisk eksempel. Leksikalske kasus er derimot delt ut frå bestemte leksikalske kjernar, dvs. frå bestemte verb, adjektiv, preposisjonar osv. Leksikalsk kasus skil seg vidare frå strukturell kasus ved at han blir delt ut saman med ei θ -rolle (Chomsky, 1986, s. 193; jf. Woolford, 2006, s. 113). Preposisjonar gir eit enkelt eksempel: Preposisjonen «på» i frasen «hytta på fjellet» dannar ein preposisjonsfrase som utdjupar og presiserer overleddet «hytta». Preposisjonen seier noko om plassering i forhold til ein stad, og deler ut ei θ -rolle til namnet på denne staden (i vårt tilfelle substantivet

«fjellet»), slik at dette blir med inn i frasen. Sidan preposisjonen gir substantivet både kasus og θ -rolle samtidig, er dette eit tilfelle av leksikalsk kasus. I språk som har morfologisk kasusbøying, som tysk, deler ulike leksikalske kjernar ut bestemte kasus; t.d. deler preposisjonen «aus» alltid ut dativ.

Genitiv delt ut av bestemte verb, adjektiv og preposisjonar i norrønt er eit typisk eksempel på leksikalsk kasus, og vi skal bruke dette som samleomgrep for desse typane genitiv i dei følgjande avsnitta. Leksikalsk genitiv ser ut til å ha vore den kasusen som først begynte å bukke under da det norrøne firekasussystemet blei forenkla i mellomnorsk. Ifølgje Rindal (1993, sitert her frå Berg, 2015, s. 16) fekk den smuldrande genitiven følgje av eit totalt kasusbortfall i adjektivbøyinga og samanfall av nominativ og akkusativ kasus i substantivbøyinga i løpet av 1400-talet (jf. Mørck, 2004, s. 417). Den possessive genitiven, som var adnominal, og som vi kan argumentere for at er strukturell, utvikla seg derimot mot den *-s*-endinga vi framleis har i dag, og «overlevde» såleis. Det er dette som skapar det forvirrande bildet av genitiven som både minst og mest seigliv av dei norrøne kasusane.

Genitiv var i utgangspunktet hovudsakeleg brukt adnominalt i norrønt. Denne tendensen blir altså forsterka utover i seinmellomalderen, og dette ser ut til å vere del av ei fellesgermansk utvikling, der genitiv styrt av adjektiv og verb forsvinn først, og den adnominala held seg lengst (Scott, 2014; her frå Berg, 2015, s. 7). Verbstyrt genitiv er det ifølgje Berg vanskeleg å finne døme på – genitivverba opptre sjeldan i kjeldene. Men når genitivpreposisjonane, som opptre ofte, begynner å ta komplement i akkusativ eller dativ, er det eit teikn på at genitiv ikkje fungerer som leksikalsk kasus lenger, og dette har vi tydelege døme på frå slutten av 1300-talet (Berg, 2015, s. 7ff).

Det er i det heile tatt rettare å seie at leksikalsk genitiv fall saman med dativ enn at kasusen fall bort. Dativformer tar over for genitivformer, men vi ser også at genitivformer finn vegen inn i dativparadigmet for pronomen (Berg, 2015, s. 20ff). Etter kvart ser det ut til at leksikalsk kasus «kom att identiferas med dativ», som Falk har påpeikt om utviklinga på svensk side (1995; her frå Berg, 2015, s. 24). Genitiv kasus blei såleis spesialisert mot det som allereie var kasusens særmerke og hovudbruksområde, nemleg adnominal bruk (Berg, 2015, s. 24). Men sjølv der ser det ut til at genitivendingar fall bort. I dei partitive konstruksjonane skjedde dette i løpet av 1400-talet – i moderne norsk er desse utan noka synleg ending, som i (19) under. Da står vi ifølgje Tofts (2009) semantiske tredeling igjen med klassifiserande og possessive genitivar. Dei førstnemnde kan vi til dels følgje framover til det som med terminologien til Julien (2005a) blir *pseudopossessorar*, i praksis adjektiviske substantivfrasar, i moderne norsk ((20), (21)).

- (19) Partitiv genitiv: pund malz⁴
 pund malt.GEN.SG.
 ‘Eit pund malt’ (Berg, 2015, s. 24)

⁴ Grafemet *z* står her for lydsambandet /ts/. Sjølv om ho vanskeleg lar seg skilje ut i skrift, har ordet altså ei distinkt genitivending (/s/)

(20) Klassifiserande genitiv: tveggja daga vist
 to.GEN dag.GEN.PL opphald
 ‘To dagars opphald’ (Hkr.Ung 789.3, Nyg 135)

(21) Pseudopossessor: Ei slitsam seks timars reise (Julien, 2005a, s. 241)

Også adnominalt erstattar konstruksjonar med dativ genitiven. Dei moderne postnominelle possessorane med preposisjonar eller *hans/hennar* dukkar opp i følgje med dativendingar som erstatning for dei gamle genitivendingane, og vi finn også reine adnominale dativar (Berg, 2015, s. 25):

(22) faðir at barn-inu Fm IV 247 (= faðir barns-ins OH 122.30)
 far át barn-DEF.N.SG.DAT far barn.GEN.SG-DEF.GEN.N.SG
 ‘Far til barnet’ (dativ eksempel er udatert; Fritz 82)

(23) Helga modher hennar Ingebergo⁵
 Helga mor hennar Ingeberg.DAT
 ‘Helga, mor hennar Ingeberg’ (DN IV 670, Ryfylke, 1422; Nesse 183)

(24) mædh radh-e oc samþykkt allu loþþing-eno⁶
 med løyve-DAT.SG og samtykke.DAT.SG all.DAT lagting.DAT.SG-DEF.DAT.SG
 ‘Med heile lagtingets løyve og samtykke’ (DN IV 670, Bohuslän 1396; Berg 25)

Samtidig som genitiven blei funksjonelt forenkla ved at han blei meir og meir reservert for adnominale (possessive) konstruksjonar, blei han også morfologisk forenkla. Ifølgje Mørck (2004, s. 418f) spreidde *-s*-endinga seg frå dei sterke maskuline *a*- og *i*-stammene og nøytrale *i*a-stammene i norrønt, slik at vi rundt midten av 1300-talet kan finne *-s*-en i singularbøyinga av *alle* sterke substantiv. I denne perioden er det generelt eit virvar av genitivendingar overalt i singular. Dette stemmer med det vi ville forvente i starten av ein endringsperiode (Berg, 2015, s. 13). På 1500-talet kan vi finne *-s*-en også i dei svake substantiva, og dessutan i fleirtal, dvs. at han opptre i alle stillingar. (Noko seinare enn denne utviklinga begynner, ser vi at *-sins*, den dobbelmarkerte bestemte endinga i dei same klassene som *-s*-en kjem frå, spreier seg på liknande måte, men *-s*-en vinn fram over denne også.) Det betyr at vi på 1500-talet i praksis kan bruke *-s* som possessivmarkør for alle substantiv.

⁵ Akkurat dette eksempelet er noko uklart. Vi kan ikkje seie noko om kva kasus *hennar* har ut frå forma, for brukt som possessivpronomen har dette ordet heilt invariant kasusbøying. Kva kasus *Ingebergo* står i er heller ikkje eintydig, sidan ein del kvinnenamn fekk overgang til svak bøying i denne perioden, og vi derfor ikkje lenger kan vere sikre på om namnet har svak eller sterk bøying (jf. Larsen, 1897, s. 246). I sterk bøying ville dette vere ein dativ, men i svak bøying er forma ganske enkelt oblik.

⁶ Her kan vi tenke oss at ein talemålskonstruksjon med *af* (‘med løyve og samtykke av heile lagtinget’) har påverka skrivaren og ligg til grunn for dativforma.

Spørsmålet som melder seg, er om det som skjer i denne perioden er at genitivparadigmet blir forenkla ved at *-s-en* utkonkurrerer andre endingar, eller om *-s-en* allereie på dette tidspunktet var reanalysert som eit frasefinalt possessivsuffiks (jf. Norde, 1997a). Ein ting som kan tyde på det siste, er at former *utan ending* opptrer der vi ville forventa genitivformer (t.d. partitiven i (19) over). Dei gamle genitivendingane fall truleg bort som eit mellomsteg før *-s-en* blei lagt til (Berg, 2015, s. 8f).

Det er generelt vanskeleg å følgje utviklinga av enklitisk possessiv-*s* vs. den opphavelige genitiven der *-s* er ei bøyingsending, i kjeldene, sidan dei to er til forveksling like. Som eg har vore inne på tidlegare, er etterstilling ein av dei få gode testane som finst, men iallfall i dei kjeldene eg sjølv har undersøkt, er det ein aukande tendens til førestilling av possessorar. Dette kan ein i seg sjølv tolke som eit teikn på at *-s-en* har blitt reanalysert, for det vanlege i norrønt var etterstilling (Faarlund, 2004, s. 59; Nygaard, 1966, s. 368f). Samtidig kan denne aukande tendensen til førestilling også vere eit stilistisk val; norrønt kunne, som vi har sett, valfritt flytte genitivar fram i prenominal stilling, og å gjere dette konsekvent kunne såleis vere berre nok eit grep som blei gjort i skriftspråket for å etterlikne dansk norm, utan at *-s-en* trong å vere reanalysert i skrivarens internaliserte grammatikk av den grunn. Da er det enklare med *sin*-possessiven, som utvitydig ikkje er ein genitiv.

Sjølv om kjeldene våre gir oss ein del problem med tidfesting, ser vi tydeleg at genitivane begynner å bli erstatta av andre former utover på 1400-talet (Berg, 2015, s. 4). Sidan skriftspråket alltid vil vere meir konservativt enn talen, føreslår Berg å skyve denne endringa tilbake til siste halvdel av 1300-talet (ibid, s. 30).

2.2.2 Når og korleis dukka *sin*-possessiven opp?

I germansk dukkar possessordoblingskonstruksjonen først opp i tysk. H. Kiefer (1910) rapporterer første skriftlege tilfelle i tysk på eit minnesmerke frå seint 1100-tal, og i både høg- og lågtysk omtrent samtidig (s. 66; her frå Torp, 1992, s. 154). Når possessordoblingskonstruksjonen opptrer i moderne høgtysk, er det som regel med possessoren i «den mest oblike kasusen i varietetet» (Georgi & Salzmann, 2011, s. 2071) og eit personleg possessivpronomen som kongruerer med possessumet i genus, numerus og kasus:

(25)	der	Anne	ihr	Armband
	DAT.F.SG	Anne	ho.POSS.NOM.N.SG	armband.NOM.SG
				‘Anne sitt armband’
(26)	dem	Konrad	seine	Kamera
	M.SG.DAT	Konrad	han.POSS.NOM.F.SG	kamera.NOM.SG
				‘Konrad sitt kamera’ (Sick, 2006, s. 15)

I mellomlågtyiske kjelder er possessordobling vanleg, men der har possessoren sjeldan markert dativ kasus. Den enkle grunnen til dette er truleg at skiljet mellom dei morfologiske kasusane allereie var i ferd med å bli viska ut i mellomlågtyisk (Norde, 2012).

I dei moderne germanske språka finn vi possessordoblingskonstruksjonar i norsk, vestjysk, nederlandsk, afrikaans, frisisk, sveitsartysk, høgtysk omgangsspråk og ei rekke andre tyske dialektar. I tillegg fanst han i rikt monn i eldre dansk, og nokre har hevda at vi finn eksempel i mellom- og tidleg nyengelsk (Grohmann, 2003, s. 201; Sleeman & Perridon, 2011, s. 15).⁷ Possessordoblingskonstruksjonen har syntaktisk mykje til felles med den enklitiske *-s*-endinga som vi finn i mange germanske språk (desse genitiverstatningane blir omtala saman i Sleeman and Perridon (2011, s. 15) som *determining genitives*). Utvidar vi basert på dette lista over til å inkludere også dei språka som har erstatta genitiven med ein frasefinal *-s*, kan vi legge til engelsk, standarddansk og *-svensk*, og dessutan talt færøysk, som har utvikla klitikonet *-sa*. Det betyr at alle dei germanske språka som har mista eller kan vere i ferd med å miste genitiv kasus, det vil seie alle unntatt islandsk, har innført ein av desse to (Sleeman & Perridon, 2011, s. 16). Under følgjer ein del eksempel.

Norsk:	Marit si bok
Vestjysk:	æ præjst hans kone henner cykel si klokk (Sørensen, 1988; her frå Norde, 2012)
Nederlandsk:	Jan z'n boek (Norde, 2012)
Afrikaans:	Marie se boek (Norde, 2012)
Frisisk:	heit syn hynder ('far sin hest')
Eldre dansk:	de ugudelige mænds udaf Israël deris Formand (Bib 1550; F&T 45)
Eldre engelsk (omstridd):	Juno hir bedde ('Juno si seng') (Wyld, 1920, s. 318; her frå Norde, 1997, s. 90)
Engelsk:	the man on the street's opinion
Dansk	Søren og Sofies sølvbryllup (Ravnholt, 2006)
Svensk:	nyhetsbyrån AP:s delegaträkning (Bjers, 2016)
Talt færøysk:	Beintu og Róa-sa bók ('Beinta og Rói si bok') (Sigurðsson, 2009, s. 7)

⁷ Merk at desse engelske *his*-genitivane er omstridde. Om dei verkeleg er possessordoblingskonstruksjonar er diskutabelt. Sjå Norde (1997a) for ei nærmare behandling av spørsmålet.

Ein *kan* sjå føre seg at alle språka som har (eller har hatt) possessordoblingskonstruksjonen kunne ha utvikla han uavhengig av kvarandre, enten som ein tilfeldig reanalyse av andre strukturar i språket eller som svar på eit språkleg problem. Det siste blir føreslått i Escribano (1995). Påstanden er at sidan possessivpronomen har eit tydeleg possessivt innhald, kan dei takast i bruk som possessive funksjonsord i elles syntetiske språk når det oppstår problem knytte til dei syntetiske possessivuttrykka. Eg vil legge til at *-s-en*, som var den vanlegaste genitivendinga, også må seiast å kunne ha eit slikt «tydeleg possessivt innhald».

Escribanos grunnlag for å hevde at possessordoblinga er ein problemløysingsstrategi, er gammal-engelske tekstar som bruker possessordoblingskonstruksjonar når possessoren er eit framandord. Resonnementet er at som framandord hadde desse orda inga genitivbøying ein kunne bruke (Escribano, 1995, s. 49). Ei innvending mot dette er at same problem ikkje fører til possessordobling i gammalsvenske tekstar. Der ser vi tvert om at dei gamle genitivbøyingane blir tatt i bruk også ved framandord, iallfall før svekkinga av kasussystemet i yngre fornsvenska (Norde, 1997b, s. 397ff).

Falk og Torp (1900, s. 45) vil forklare oppkomsten til konstruksjonen med ikkje-refleksivt possessivpronomen i dansk som ein reanalyse av ein anaforisk uttryksmåte:

(27) Tor, han haver sin hammer mist

(28) Tors, hans hammer → Tor hans hammer

Slik dobling av eit substantiv ved eit pronomen som i (27) er vanleg i bl.a. dansk og fransk. Denne uttryksmåtenes parallell i (28) skal så ha blitt reanalysert som ein eigen possessivkonstruksjon. Nokon vidløftig diskusjon av dette skal vi ikkje gi oss inn på her.

Ei tradisjonell forklaring på oppkomsten av konstruksjonen i tysk, presentert i Kiefer (1910, s. 59f; her frå Torp, 1992, s. 153f), er at han er ein reanalyse av konstruksjonar av typen «*meinem Vater sein Haus*» der «*meinem Vater*» er eit dativobjekt og «*sein Haus*» er eit akkusativobjekt:

(29) Er hat mein-em Vater sein Haus angezündet
han har min-DAT.M far.DAT.M han.POSS.AKK.N hus.AKK.N tent på

‘Han har tent på huset til faren min’, eig. ‘Han har (mot) faren min tent på huset hans’

Samanstillinga dativ + possessivpronomen har så blitt tolka som ein possessivkonstruksjon.

Eit problem ved denne hypotesen er at han ser ut til å vere basert på possessordoblingskonstruksjonen i *moderne* tysk, der possessoren står i dativ. Falk og Torp (1900, s. 45) nemner at ein i tysk folkespråk kan høyre både «*meinem Vater*» og «*meines Vaters*». I det siste eksempelet står possessoren i genitiv. Dette kan ikkje vere resultat av nokon reanalyse av eit allereie eksisterande uttrykk i språket på same måte som i (29) over, sjølv om det naturlegvis kan vere ei hyperkorrekt form for possessordobling som har oppstått *etter* at konstruksjonen hadde etablert seg.

I tillegg til dei innvendingane som kan reisast mot dei to forklaringane over, er det påfallande at *alle* dei germanske språka som har mista genitiv kasus har innført enten eit klitikon eller ein possessor-doblingskonstruksjon som avløyser. Etter mitt skjønn taler dette imot ei enkel forklaring om «problemløysing» eller reanalyse av eldre konstruksjonar i kvart enkelt språk. At slike uavhengige reanalysar skal føre alle språka til dei same to konstruksjonane, verkar litt utruleg med mindre det ligg noko meir bak.

Eg vil derfor sjå på to ulike forslag som kan forklare den felles utviklinga. Det eine er at dei germanske språka hadde ein felles latent «plan B» for possessivar (eg vil kalle dette *utviklingshypotesen*). Den andre, som er den tradisjonelle iallfall i spørsmålet om den norske *sin*-possessiven, er at konstruksjonen oppstod éin stad og deretter spreidde seg (*lånehypotesen*).

2.2.3 Utviklingshypotesen i norsk

La oss først sjå på om konstruksjonen kunne blitt utvikla i norsk utan påverknad frå andre språk. Ovanfor har eg avvist to forklaringar som involverer reanalyse av eksisterande uttrykk i språket. Vi kan ta desse opp igjen under føresetnad av at eit nytt possessivt uttrykk ikkje kan oppstå ved reanalyse av kva uttrykk som helst med eit «possessivt innhald», men berre uttrykk som kan utløyse den «plan B»-løysinga som ligg latent i språket. (Med *latent* meiner eg her at alle dei germanske språka hadde ei strukturell mulegheit for å opprette ein eigen prenominell possessorposisjon – detaljane kjem vi tilbake til i kapittel 3.4.) Ein slik utviklingshypotese for akkurat norsk treffer ganske raskt på eit problem som eg vil kalle *refleksivproblemet*: Korfor blei det slik at mens alle andre possessor-doblingsspråk i germansk bruker eit personleg possessivpronomen, bruker norsk det refleksive?

Det vanlege svaret på dette problemet er å avvise at konstruksjonen kan ha norsk opphav. Eg vil rette tre innvendingar mot denne avvisinga. Først vil eg sjå nærmare på reglane for refleksiv i norrønt. Deretter vil eg vise at uttrykk med *sin* også kunne blitt reanalyserte. Til slutt vil eg vise at vi kan snu refleksivproblemet på hovudet og sjå refleksivet som *normalen*, ikkje eit avvik.

Ei innvending som ofte kjem opp mot hypotesen om heimleg opphav for *sin*-possessiven, er at refleksivpossessivpronomenet oppfører seg «feil». I moderne norsk viser refleksiv tilbake på (det logiske) subjektet. Interessant nok var det ikkje nødvendigvis slik i norrønt, der refleksiva tilsynelatande kunne vise tilbake på så godt som alle ledd som stod før dei i ordstrengen (Faarlund, 2004, s. 283):

(30)	Ólaf-r	konung-r	þakkaði	henni	vel	orð	sín
	Ólaf-NOM	konge-NOM	takka	ho.DAT	vel	ord.AKK	REFL.POSS.AKK.N

‘Kong Olav takka ho vel for orda hennar’ (Hkr.Ung 239.13; Nyg 339)

Frå eit generativt synspunkt vil vi kanskje forklare dette med at norrønt tillét alle element som C-kommanderte refleksivet å vere antesedent for det, ikkje berre det nærmaste, som i moderne norsk (for avklaring av omgrepa C-kommande og antesedent, sjå Åfarli og Eide (2003)). Dei moderne reglane ser heller ikkje ut til å gjelde for eldre steg av moderne norsk, jf. eksempel 74–80 i korpuset. At reflektivpronomenet oppfører seg «feil», er såleis kanskje eit anakronistisk argument. Dette blir også påpeikt av Norde (2012).

Argumenterer ein for at possessordobling med personlege possessivpronomen som *hans/hennar* kan ha oppstått som reanalyse av ytringar der subjektet eller eit anna setningsledd blei ståande inntil eit possessivpronomen, bør ein også kunne akseptere den same forklaringa for possessordobling med *sin*. Eit lett tilgjengeleg eksempel på ein frase som kan reanalyserast slik, er ein formel som går igjen i mange diplomtekstar i *Diplomatarium Norvegicum*. Avsendarane skriv at dei set seglet sitt på brevet, slik at segleigar + «sit insigle» svært ofte opptre saman:

(31) til sannynda her vm sette Jngilbrikt Johannis sit insigle med mino jnsigle firi þetta bref [...]
(DN V 438)

Liknande uttrykk i talespråket kan ha ført til reanalyse. Dette opnar igjen for at eit refleksivt possessivpronomen kunne få plass i possessordoblingskonstruksjonen.

Forklaringane ovanfor ser i praksis på den norske *sin*-varianten som eit tilfeldig avvik frå standardmønsteret. Eit interessant alternativ til dette synet blir presentert i Julien (2005b).

I Juliens analyse av possessordoblingskonstruksjonen er possessivpronomenet realiseringa av ein funksjonell kjerne i den syntaktiske strukturen. Oppgåva til denne kjernen er å dele ut kasus til ein konstituent med trekket POSS (dvs. possessorar). Til liks med alle andre funksjonelle kjernar i strukturen må denne kjernen dele trekk for genus, numerus og kasus med kjernenomenet (= possessumet).

Julien stør seg til rammeverket distribuert morfologi, der kvart morfem er eit abstrakt sett med trekk så lenge det er i syntaksen; først ved spellout, når derivasjonen blir sendt til den fonologiske komponenten av språkevna, blir det kombinert med eit element frå leksikon som gir det ei fonologisk realisering (Julien, 2005a, s. 46). Når dette leksikonelementet skal veljast ut, kan vi gå ut frå at det følgjande vil gjelde: «[E]conomy of representation (Chomsky 1991 and subsequent work): where there is a choice, a less specified category is preferred over a more specified one, blocking the latter.» (Holmberg og Sandström, s. 105f).

Juliens påstand er at i dei språka som har refleksive possessivpronomen, er desse det elementet i leksikonet som realiserer trekka Poss, numerus og genus og minst muleg anna (Julien, 2005a, s. 220). I språk som manglar refleksive possessivpronomen i leksikonet, vil det beste alternativet vere personlege possessivpronomen.

Ei slik tolking lar oss snu forholdet mellom kva som er standard og kva som er avvik på hovudet når det gjeld possessordobling i dei germanske språka. Av språka som har possessordobling, er norsk det einaste som bruker eit reflexivpronomen, men også det einaste som *har* eit reflexivpronomen.⁸ Såleis kan vi hevde at dei språka som har eit reflexivt possessivpronomen, bruker dette, mens dei som manglar det bruker eit personleg possessivpronomen i staden. Situasjonen i vestjysk strir tilsynelatande mot denne påstanden, sidan vestjysk bruker reflexivet *sin*, men også *hans*, *hennes* og *deres*. *Sin* viser likevel berre til possessorar utan biologisk kjønn i vestjysk. Dette tydar på at *sin* har ein slags genuskategori og dermed ikkje nødvendigvis er mindre spesifisert enn dei personlege possessivpronomena. (Det vestjyske genussystemet er også elles ikkje utan vidare samanliknbart med systema i andre germanske språk).

Vi har no sett at reflexivproblemet ikkje treng å vere noka absolutt innvending mot at *sin*-possessiven kunne vere resultat av ei intern utvikling i norsk, uavhengig av ekstern påverknad. I det følgjande skal vi sjå på det omvendte scenarioet, nemleg lånehypotesen.

2.2.4 Lånehypotesen i norsk

Lånehypotesen er den tradisjonelle og mest aksepterte forklaringa. Det som gjer lånehypotesen interessant i lys av den fellesgermanske utviklinga, er at det ser ut til at alle som har utvikla possessordobling, har vore i kontakt med den tyske konstruksjonen eller med nokon som i sin tur har det. Samtidig har ikkje alle som har vore i kontakt med den tyske konstruksjonen overtatt han, slik Norde (2012) peiker på: Svenske kjelder inneheld ingen eksempel (Norde, 1997a, s. 206f).

Både Arne Torp (1988) og Agnete Nesse (2002, s. 189ff) viser til – og avviser – mulegheita for at *sin*-possessiven kan ha komme frå dansk. Dei meiner den tradisjonelle oppfatninga om eit tysk opphav er meir sannsynleg. Nesse meiner dette fordi ho ser den danske konstruksjonen (som dessutan brukte possessivpronomena *hans/hennes/deres*) som eit skrift- og overklassefenomen som «folk flest» ikkje vil ha vore i kontakt med. Torp avviser eit dansk opphav på norsk dialektgeografisk grunnlag: Utbreiinga er knytt til Bergen, ikkje til Skagerak.

Ifølgje Knudsen (1967, s. 53; her frå Torp, 1992, s. 158) finst dei eldste eksempla på *sin*-possessiven i kjelder frå Bergen og Stavanger. (I seinare tid har Ivar Berg funne eit eldre eksempel frå Trondheim (DN XI 278; Berg, 2013, s. 170f)). Vi finn også nokre tilfelle hos Petter Dass; ein del av desse (men ikkje alle) ser ut til å vere indirekte sitat av dialekt. Den kystbundne vest- og nordnorske utbreiinga som Torp (1973) peiker på, tyder på at konstruksjonen kan ha blitt spreidd via Bergenshandelen, som utveksla fisk frå norskekysten, særleg Nord-Noreg, mot varer frå kontinentet.

⁸ Former som *sein* og *zijn* i tysk og nederlandsk er etymologisk identiske med *sin*, men inngår i paradigma som personlege possessivpronomen, ikkje reflexive.

Dei som stod for den internasjonale sida av denne handelen var Hansaen, ein handelsføderasjon av nordtyske byar. Språket deira, mellomlågtyisk, hadde ein possessordoblingskonstruksjon som brukte possessivpronomena *sin* («hans»/«dets») og *er* («hennar»/«deira») (Lasch, 1914, s. 217). Handelen på Noreg blei driven via det hanseatiske kontoret i Bergen – eit samfunn som ifølgje Glück (2002, s. 296) på det meste kan ha stått for 25 % av folkesetnaden i byen. I tillegg til desse kjem ein stor klasse av tyske handverkarar som slo seg ned i alle større norske byar i same periode. Nesse karakteriserer dei fire hundreåra 1350–1750 som ein periode med tung lågtyisk språkpåverknad i Bergen (2002, s. 81ff).

På denne bakgrunnen verkar det rimeleg at *sin*-possessiven, viss han blei lånt inn i norsk, har komme via språkkontakt i Bergen. Både utfallet av språkkontakten (bl.a. ein tilsynelatande mangel på pidginar, ordbøker, omsettingar, osv.) og samanlikningar av språka tyder på at kommunikasjonen mellom norsk- og tysktalande har føregått via *reseptiv tospråklegheit*, dvs. at ein forstår begge språka, men produserer berre på det eine (Braunmüller, 1989, 2012; Glück, 2002, s. 303ff; Nesse, 2002, s. 123). Eit særtrekk ved dette fenomenet, som vi kan sjå tilfelle av når skandinavar i moderne tid snakkar med kvarandre, er at sjølv om kvar talar snakkar sitt eige språk, vel dei gjerne eit register som kjem mottakaren i møte ved å bruke felles former eller til og med ta i bruk former frå mottakarens språk (ein nordmann på ferie i Sverige bestiller t.d. *glass*, ikkje *is*). Eg vil bruke Laura Wrights omgrep *buffer code* («bufferkode») om dette, men utvide det frå eit register «basert på språktrekk som fungerer på begge språk» (Nesse, 2002, s. 148) til å også inkludere aktiv tilpassing av typen i eksempelet over. Vi kan tenke oss at *sin*-possessiven blei lånt inn i ein slik bufferkode først, og at han på denne måten har blitt del av repertoaret til dei norsktalande. Etter kvart har desse tatt han i bruk også i det norske registeret sitt, slik at lånet inn i norsk var eit faktum. Denne hypotesen er den eg vil basere meg på vidare i denne oppgåva.

På grunn av reflektivproblemet kan ein ikkje utan vidare seie at dei norsktalande *overtok* den tyske konstruksjonen, slik t.d. Knudsen (1967) gjer ved å hevde at han blei tatt inn i norsk som ein «fullt ferdig uttrykksmåte» (her sitert frå Torp, 1992, s. 132). Der tyskarane i røynda sa «Per hans far», enda nordmennene opp med «Per sin far». Nesses forklaring på dette er at sjølv om dei reseptivt tospråklege norsktalande forstod tyskarane godt nok til å kommunisere, hadde dei ikkje godt nok grep om tysken til å skjønne at «sin» ikkje tilsvara det norske homonymet, men derimot betydde «hans». Nesse konkluderer derfor med at den norske *sin*-possessiven er resultatet av ei folkeleg feilomsetting (mens mellomdanskens *deres*-possessiv er korrekt omsett) (2002, s. 192). Mot dette kan vi innvende det same som over: Sidan mellomlågtyisk brukte *sin* der norsk brukte både personleg og reflektivt possessivpronomen, kan vi ikkje seie at å omsette tysk *sin* til norsk *sin* nødvendigvis er ei feilomsetting. Særleg gjeld dette når vi tar omsyn til det vi har sett over om bruken av *sin* i norrønt og eldre norsk.

2.2.5 Oppsummering

I spørsmålet om internt eller eksternt opphav for *sin*-possessiven konkluderer Norde (2012) med at verken språkinterne eller -eksterne forklaringar er nok aleine; vi må søke ein kombinasjon. Eg vil gå ut frå at strukturen var latent i språket, men at han blei utløyst av påverknad frå tysk, uansett om ein vil seie at han blei feil eller rett omsett. Norde (2012) hevdar vidare at intern utvikling av ein possessordoblingskonstruksjon med *personlege* possessivar var ein føresetnad for at det norske lånet av tysk *sin* skulle kunne finne stad. Denne påstanden stiller eg meg meir kritisk til, sidan vi i dag ser at *sin*-possessiven spreier seg til austnorske dialektar som ikkje har han frå før – og heller ingen annan possessordoblingskonstruksjon. Som vi såg over, finst det heller ingen god grunn til å sjå på *personlege* possessivpronomen som meir naturlege enn refleksive i possessordobling. Med det avsluttar eg diskusjonen om korfor konstruksjonen fekk den forma han fekk i norsk, og går tilbake til spørsmålet om det er rimeleg å tru at han blei tatt inn i norsk fordi genitiven ikkje lenger var brukande.

Som nemnt er det eldste eksempelet på *sin*-possessiv i denne oppgåva frå år 1500 (DN b. 11 nr. 278). Nesse, som undersøker bergenske kjelder, finn at *sin*-possessiven er sjeldan i skrift både på 1500- og 1600-talet (Nesse, 2002, s. 183–188). Ho finn for eksempel berre eitt tilfelle av han i Absalon Pederssøn Beyers dagbok ((32) nedanfor). Ved hjelp av søk i digitaliserte kjelder, har eg funne eit eksempel til (33):

(32) der viste vi Jacob Christiernson sine vidnesbyrd som hand hafde udgiuit paa Latine (Abs.Db 16; Nesse 186)

(33) effterdi at deris sin hierter oc vilie fulle tilsame ⁹ (Abs.Db 13)

Men mens eg altså har funne eit ekstra eksempel på *sin*-possessiv i Meister Absalons dagbok, har eg også oppdaga at fleire av dei klassiske eksempla som blir nemnte i bl.a. Falk og Torp (1900), Iversen (1932) og Knudsen (1967) ved nærmare undersøking viser seg å ikkje vere *sin*-possessivar likevel (sjå eigen seksjon i korpuset). Konklusjonen min så langt er dermed at konstruksjonen er enda sjeldnare (i dei nemnde kjeldene) enn det har vore hevda.

Derimot er possessordobling med *personleg* possessivpronomen svært vanleg i kjeldene frå 1500-talet, før desse konstruksjonane etter kvart vik for *-s*-possessiven (Nesse, 2002, s. 183–189). Sidan slik ikkje-refleksiv possessordobling ikkje finst i norsk i dag, er det vanskeleg å seie om denne endringa reflekterer ei endring i talespråket (jf. Nordes teori (2012)) eller ganske enkelt ei endring i dansk rettskriving.

Sidan *sin*-possessiven ikkje har noko førebilde i dansk, og opptrer i norske kjelder frå 1500-talet, kan vi rimeleg sikkert gå ut frå at han må ha vore produktiv i norsk *talemål* på dette tidspunktet. Gitt at vi bygger

⁹ Det kan hende at Nesse ganske enkelt ikkje har telt med denne konstruksjonen sidan possessoren er eit possessivpronomen, ikkje ein nominalfrase. Konstruksjonar av denne typen må likevel reknast som possessordobling, og er dessutan produktive i mange dialektar som har *sin*-possessiv.

på hypotesen om at konstruksjonen blei tatt inn i norsk frå norsk-tysk bufferkode, er det mest truleg at han må ha vore del av denne bufferkoden ei stund før lånet inn i norsk skjedde. Han har sannsynlegvis også vore ein akseptert del av norsk kode i lengre tid før han dukkar opp i skrift, sidan skriftspråket som nemnt tidlegare er konservativt. Såleis kan vi rekne med at på slutten av 1400-talet må *sin*-possessiven ha vore produktiv i norsk. (Eit alternativ, som eg ikkje vil legge for stor vekt på her, er så klart at nokre av konstruksjonane kan skyldast kodeveksling hos tysktalande skrivarar.)

På 1500-talet finn vi at alle genitivendingar kan erstattast med *-s* i kjeldene. Vi kan rekne med at viss dei gamle genitivendingane framleis hadde vore produktive i talemålet, ville ikkje denne vekslinga til *-s* ha funne stad. Den gamle, formrike genitiven er såleis blitt ein skriftleg arkaisme. Sidan *sin*-possessiven gjer inntog på same tid, *kan* vi sjå han som ein direkte avløyser, iallfall for den *formrike* genitiven.

Samtidig har vi også sett at prosessen der genitiv blei erstatta av andre konstruksjonar – preposisjonspossessivar, *hans/hennar*-possessivar – var i gang allereie på slutten av 1300-talet. Dette gir oss eit gap på rundt eit hundreår frå dei første genitivomskrivningane *per se* dukkar opp i kjeldene til *sin*-possessiven gjer det. Sjølv om det altså er muleg at *sin*-possessiven *kan* ha vore ein direkte avløyser for genitiven, kan vi også sjå for oss ein kortare eller lengre periode mellom bortfallet av genitiven og innføringa av *sin*-possessiven. Ser vi for oss at *sin*-possessiven blei tatt inn i ein bufferkode i Bergen *tidleg* i den språklege hansatida i Noreg, dvs. rundt midten av 1300-talet, kan vi på den andre sida også sjå for oss at dei to konstruksjonane må ha vore i bruk i same språksamfunn samtidig. Dei kan såleis også ha konkurrert med kvarandre.

3 Teori

3.1 Kort om syntaksteori

I denne oppgåva tar eg utgangspunkt i Marit Juliens analyse av skandinaviske nominalfrasar (Julien, 2005a). Denne bygger på ein del idear frå minimalismeprogrammet, og skil seg derfor noko frå meir tradisjonell GB-teori (Julien, 2005a, s. xiv). Ein del av punkta der desse er ulike vil eg gå inn på under – det gjeld oppbygginga av strukturen, sonde-mål-mekanismar, og motivasjonen for flyttingar (slik desse er presenterte i Chomsky (2001)). Eg føreset at lesaren kjenner til teorien i alle fall på eit nivå som svarer til det som er presentert i Åfarli og Eide (2003).

Tradisjonell GB-teori krev at alle kjernar projiserer til først eit bar- og så eit frasenivå (X' -skjemaet). I minimalismen går ein bort frå dette kravet (alternativet blir kalla *bare phrase structure*). Vidare avskaffar ein skiljet mellom oppbygginga av ein djupstruktur (DS) og ein påfølgjande runde med flyttingar for å få ein overflatestruktur (OS). I staden går ein ut frå at strukturen blir bygd opp i éin omgang ved hjelp av berre éin operasjon som blir gjentatt syklisk, nemleg «spleis» (eng.: *merge*). Spleis dannar ein ny knute av to

knutar. Strukturen blir bygd opp enten ved å spleise inn nye element eller ved å spleise element som allereie er i strukturen, inn på ein ny stad, med andre ord ved å flytte dei. Slike flyttingar blir drivne fram av trekk i strukturen, og går føre seg via ein såkalla *sonde-mål-mekanisme*: Ein kjerne som blir sett inn med eit uvaluert trekk (sonde) søker nedover i domenet han C-kommanderer for å finne eit element som har ei valuert utgåve av dette trekket (mål). Ein konsekvens av dette i Juliens analyse er at alle funksjonelle element som blir sette inn i strukturen kongruerer med dei som allereie står der (Julien, 2005a, s. 12).

I samband med fleire punkt i Juliens analyse blir det relevant å spørje kva struktur *trekk* har. Ein måte å sjå det på er at trekk har to eller fleire mulege verdiar. Innanfor ein slik modell har t.d. trekket for bestemtheit (DEF) dei to mulege innstillingane +DEF og -DEF. Alternativet er å sjå på trekk som strukturlause. I så fall er trekket enten til stades eller ikkje, og trekkverdiar som -DEF blir meningslause (Corbett, 2012, s. 15ff). Eg følgjer Julien (2005a, s. 18f) i å glosse trekk som strukturerte (dvs. med \pm -verdiar), men sjå Julien (2005a, s. 18, 46, 220) for detaljar om korleis strukturlause trekk kan påverke analysen.

Til slutt er det verdt å nemne at Juliens analyse bygger på ei ikkje-leksikalistisk tilnærming til generativ grammatikk, dvs. at leksikalske element som blir sette inn i strukturen tar med seg minimalt med grammatisk informasjon; denne blir i staden sett inn i strukturen sjølvstendig. Dette gjer frasestrukturen meir utbygd enn meir leksikalistiske tilnærmingars analysar (t.d. Faarlunds (2004) og Låkes (2007), som er meir tradisjonelle GB-analysar).

3.2 «Betre»: Om økonomi i språk

Eg vil sjå på to sider ved språkleg økonomisering. Først vil eg sjå på ein teori om kva som gjer éin struktur meir økonomisk enn ein annan. Eg vil også avklare korleis eg skal bruke denne teorien i oppgåva. Deretter skal vi sjå på ein teori som hevdar at lån kan vere økonomiserande i seg sjølv.

3.2.1 Tre økonomiprinsipp

Grammatikalisering tyder at element med leksikalsk innhald blir reanalyserte og går over til å bli funksjonelle element med grammatisk innhald. Ein kan sette opp ganske universelle trinnvise skalaar («*clines*») frå «mest leksikalsk/minst grammatisk» til «minst leksikalsk/mest grammatisk» og sjå eksempel på at språklege element beveger seg trinnvis frå ein pol av denne skalaen mot den andre. Eit eksempel på ein slik skala er gitt under (Hopper & Traugott, 2003, s. 7):

(34) content item > grammatical word > clitic > inflectional affix

Ein noko omstridd, men sentral del av grammatikaliseringsteorien er den såkalla *einvegshypotesen*, nemleg at element og former alltid beveger seg i same retning langs desse skalaane (Hopper & Traugott,

2003, s. 16f). Det er verd å nemne at possessiv-s-en er eit klassisk motdøme, der utviklinga har gått frå affiks til klitikon (denne utviklinga er tema for Norde (1997a)).

Det har blitt gjort fleire forsøk på å sameine grammatikalisering og generativ teori. Her skal eg gå inn på Elly van Gelderens påstand om at grammatikalisering er resultatet av visse økonomiprinsipp. Slike økonomiprinsipp blir sett på som éin av dei tre faktorane som rettleier barn når dei lærer seg språk. Dei to andre faktorane er 1) dei språklege inntrykka barnet får (*Primary Linguistic Data*), og 2) universalgrammatikken UG, dvs. det menneskelege språklærings-«instinkt» (Chomsky, 2001, s. 1). Økonomiprinsippa er del av den menneskelege organismen og såleis absolutte, sjølv om eksterne faktorar kan motverke eller hindre effekten av dei (van Gelderen, 2004, s. 11f). I praksis er dei for UGs hypotesedanning om språk det Ockhams barberhøvel er for vitskapleg hypotesedanning: Hald det så enkelt som muleg. Dei to prinsippa er presenterte under som (1) og (2):

- (1) Head preference or spec to head principle: Be a head, rather than a phrase
- (2) Late merge principle: Merge as late as possible

Vi kan omformulere innhaldet i begge desse til (3):

- (3) Economy of features: Minimize the interpretable features in the derivation (Lohndal & van Gelderen, 2008, s. 4, frå van Gelderen, 2007)

Definisjonen av tolkbare trekk («Interpretable features») er noko ullen. Det same gjeld forholdet mellom tolkbare trekk og valuering. Ei vanleg tolking er at *tolkbarheit* er ein semantisk eigenskap, som ikkje er tilgjengeleg for syntaksen. Syntaksen kan derimot registrere om eit trekk er valuert eller ikkje. Tolkbare trekk blir dermed tolka som trekk som ikkje treng valuering: Dei kjem inn i syntaksen med fastsett verdi. Dette står i motsetning til utolkbare trekk, som treng valuering frå eit tolkbart trekk (typisk gjennom ei form for samsvarsrelasjon):

«Valuation/Interpretability Biconditional (Chomsky 2001: 5) A feature F is uninterpretable iff F is unvalued.» (Pesetsky & Torrego, 2006, s. 266)

Prinsippet (3) er altså eit bod til språkinnlæraren om å tolke språket rundt seg som eit produkt av *så få trekk som muleg*. (Med vekt på *muleg*; sidan trekka er berarar av meininga i språket, kan ein ikkje redusere talet til null. Dette er illustrert allereie i Jespersen (1921), som omtalar det som «The ease principle»: Økonomi som drivkraft hos talaren kan bli halden i sjakk av at *lyttaren* får det for vanskeleg og kommunikasjonen bryt saman (van Gelderen, 2004, s. 12).)

Van Gelderen skildrar språkutvikling som ein dragkamp mellom økonomi, som forenkler og grammatikaliserer (spesifikator → kjerne), og innovasjon, som kompliserer (nye spesifikatorar). Normative haldningar til språk, som enten prøver å hindre innføring av nye spesifikatorar eller prøver å hindre dei

gamle frå å bli forenkla frå frasar til kjernar, spelar også inn, i tillegg til reine tilfeldigeheiter. Men uhindra av desse faktorane vil tendensen vere

1. at frasar blir reanalyserte som kjernar der dette er muleg («head preference» eller kjernepreferanse), fordi sjekking av kjerne mot kjerne (også kalla innkorporering), som ofte lar ein av kjernane forsvinne morfologisk, er meir økonomisk enn sjekking av frase mot kjerne, og
2. at element blir reanalyserte med nye innsetningsstadar høgare opp i strukturen der det er muleg («late merge» eller sein innsetting), fordi det mest økonomiske er å vente så lenge som muleg med å sette inn eit element (van Gelderen, 2004, s. 11ff).

Begge desse kan vi samanfatte som ein reduksjon i talet på tolkbare trekk.

3.2.2 Bruken av økonomiprinsippa i denne oppgåva

Det kan reisast kritikk mot påstanden om at økonomi er drivkrafta i språkending. Han bygger på eit syn der barns førstespråksinnlæring er lokus for språkendinga, ved at barn reanalyserer (les: feilanalyserer) konstruksjonar i språket til dei vaksne. Det er i denne samanhengen økonomiprinsippa over er formulerte: Viss ein konstruksjon er fleirtydig, vil barnet gå for den enklaste tolkinga.

Meisel (2011) hevdar at dette ikkje er eit rimeleg syn. I det heile tatt ser såkalla «transmission failure» (*overføringssvikt* eller *feilanalyse*) ikkje ut til å finne stad i førstespråksinnlæring, i den forstand at barn ser ut til å reprodusere inputen dei får, perfekt. Dei lærer sjeldne konstruksjonar utan problem, dei lærer fleire separate grammatiske system utan å blande dei saman eller overføre bitar av eitt til eit anna, og når det gjeld spørsmålet om tvitydige konstruksjonar, hevdar Fodor (1998) at det mest sannsynlege er at barnet, i møte med tvitydig input, ventar til det dukkar opp input som er eintydig, heller enn å bygge språket sitt opp rundt det mest økonomiske alternativet. Det ser faktisk berre ut til å vere andrespråksinnlærarar, dvs. individ som lærer eit språk etter at dei har nådd ein kritisk alder, som ikkje greier å rekonstruere inputen korrekt. Men det betyr at viss ein vesentleg del av inputen til førstespråksinnlærarar av eit språk kjem frå nokon som har dette språket som sitt andrespråk, og desse andrespråksinnlærarane har «feil» i sin språkproduksjon, vil desse bli overførte til den nye generasjonen. Meisel peikar derfor på *andrespråksinnlærarar* som hovudaktørane i språkending (Meisel, 2011, s. 125–129).

Som tidlegare nemnt ser eg i denne oppgåva på *sin*-possessiven i norsk som eit lån. Den norsk-tyske bufferkoden som har tent som medium, kan sikkert ha blitt brukt av både vaksne og barn, men han vil ikkje ha vore nokons førstespråk. Når *sin*-possessiven seinare blei tatt inn i norsk kode, reknar eg med at han vil ha vore så ulik genitiven at dei to har blitt oppfatta som to åtskilte konstruksjonar i talarens repertoar. Eit førstespråksinnlæringsperspektiv er derfor mindre interessant (inntil vidare; vi skal ta eit slikt perspektiv i drøftingskapitlet). I staden for å la økonomiprinsippa frå førre kapittel tene som ei rettesnor i *språksinnlæring*, vil eg bruke dei som eit mål på økonomi i *språkbruk*, for å samanlikne to allereie eksisterande strukturar i talarens repertoar.

Matras (2011) ser på eit tospråkleg individs språklege repertoar ikkje som to klart åtskilte språkssystem (her: register), men som eitt repertoar som inneheld alle språklege strukturar som står til disposisjon for talaren. For å velje blant desse har talaren hjelp frå ein kognitiv mekanisme som overvakar den språklege konteksten og sørgjer for at talaren vel dei strukturane som passar, og unngår dei som ikkje passar. I særleg krevjande eller utsette situasjonar kan det å sjonglere denne kognitive oppgåva med fleire andre bli for mykje for talaren, som dermed gjer *feil* og bruker ein konstruksjon reservert for register A i ein situasjon som krev register B (Matras, 2011, s. 214f).

Eit slikt feilval er ikkje eit lån, det er berre ein feil. Men viss feilvalet ikkje får negative følgjer – viss det ikkje skapar negative reaksjonar eller hemmar forståinga – kan utvalsmekanismen begynne å rekne den feilvalte register A-konstruksjonen som akseptabel også i register B (ibid, s. 210f). Det å velje rett struktur krev innsats frå talarens side, og å redusere talet på val vil spare han for krefter. Det vil såleis vere økonomiserande å viske ut skilja mellom registera og bruke dei same strukturane overalt, slik at utvalsmekanismen får ein enklast muleg jobb.

I kapittel 2 rekna vi med at *sin*-possessiven først kan ha vore del av ein bufferkode i Bergen. Denne vil ha vore eit eige register hos dei som brukte han, og såleis, som alle register, regulerte av utvalsmekanismen. Viss possessordoblingskonstruksjonen i bufferkoden blei gjenstand for feilval inn i norsk, og dette ikkje fekk negative konsekvensar, kan vi med Matras' teori tenke oss at dei norsktalande kunne ta denne i bruk også i norsk(e) register. På denne måten ville *sin*-possessiven konkurrere med genitiven. Det er i denne samanhengen eg spør om ein av dei kan reknast som meir økonomisk å danne enn den andre.

3.3 Norrøne DP-analysar

I denne oppgåva bruker eg tre «store» DP-analysar (ein for moderne norsk, ein for norrønt, og ein for begge), og éin «liten». Oppgåva er dessverre altfor lita til å yte rettferd til detaljnivået i analysane og resonnementa bak dei. Marit Juliens DP-analyse (2005a) vil bli presentert utførleg i det neste delkapittelet. I dette vil eg gi ein kort presentasjon av dei andre tre analysane, som eg bruker som støtte for å tilpasse Juliens analyse til norrøne data. Tilpassingane er likevel nettopp tilpassingar; i alle hovudtrekk vil eg behalde analysen som han er.

Den første store norrøne DP-analysen er Jan Terje Faarlunds DP-analyse for norrønt (2004). Analysen gir ei omfattande, først og fremst deskriptiv framstilling av syntaktiske mønster i norrønt innanfor eit generativt rammeverk (Faarlund, 2004, s. xii). Tremodellen i Fig 1 nedanfor viser ein grov oversikt over den grunnleggande strukturen (modellen er basert på modellane på s. 55 og 83 i Faarlund (2004)).

Den andre store norrøne DP-analysen er den som er presentert i Låke (2007). Denne har som mål å beskrive nomenfrasen i norrønt og moderne norsk, og forklare dei endringane som har funne stad (Låke, 2007, s. 1). Analysen bygger på Faarlunds, men har eit meir eksplanatorisk tilsnitt.

I tillegg låner min norrønt-analyse sentrale idéar frå Lohndal og van Gelderens (2008). Over omtalte eg denne som ein «liten» analyse. Grunnen er at han i motsetning til dei tre «store» analysane ikkje behandlar heile DP-en. I staden konsentrerer han seg om domenet under *nP* i Juliens analyse. Analysen er eit innlegg i diskusjonen om forholdet mellom den etterhengde bestemte artikkelen i moderne norsk og det tilsvarende elementet i norrønt. Lohndal og van Gelderen føreslår at artikkelen står på same stad, og at inntrykket av at han har flytta seg i forhold til adjektiva er skapt av at *adjektiva* flyttar på seg.

Modellane under illustrerer det grunnleggande i desse tre analysane. Tekst i parentesar viser posisjonar som konstituentar frivillig kan flytte til. Merk at eg har valt å kalle trekket for talbøying i figuren med Låkes analyse for «Num»: Dette er for å tydeleggjere likskapen med Juliens analyse. Låke omtalar sjølv dette trekket ganske enkelt som trekk for talbøying.

Fig 1




Fig 2






Fig 3



3.4 Juliens (2005) analyse av nominalfrasar i moderne norsk

Trestrukturen i Fig 4 under er ein modell av Marit Juliens analyse av nominalfrasar i moderne norsk.¹⁰

Fig 4



I Juliens analyse skjer derivasjonen av nomenfrasen i to fasar. Den første er danninga og bøyinga av sjølve nomenet. Dette skjer i projeksjonane NP, NumP og nP. Sidan nP inneheld dei to andre projeksjonane, kan vi korte ned dette til å seie at sjølve nomenet blir danna og bøygd i nP. Over nP held derivasjonen av nomenfrasen fram med funksjonelle projeksjonar for innsetting og lisensiering av adjektiv (αP), kvantorar (CardP), førestilte possessorar (PossP), og til slutt D-projeksjonen, der den bestemte og ubestemte artikkelen i norsk blir synlege. Over desse projeksjonane finst i Juliens analyse også ein DemP og ein QP, men desse er ikkje like relevante for min analyse, og eg vil ikkje gå inn på dei.

I avsnitta under skal eg gå nøyare gjennom detaljane i analysen som er skissert ovanfor. Denne gjennomgangen er i praksis ein kortversjon av første kapittel av Julien (2005a); der eg hentar frå andre


¹⁰ Strukturane som er bygde saman i trestrukturen er å finne på s. 11, 208 og 131 i Julien (2005a). Eg har inkludert dei to projeksjonane DemP og QP over DP for å vise parallellen til Faarlunds (2004) og Låkes (2007) analysar, sjølv om eg ikkje vil gå inn på desse projeksjonane i gjennomgangen under.

kjelder vil eg vise til desse. Eg startar med oppbygginga av *nP* og domenet over, før eg ser nærmare på hovudsaka for denne oppgåva, nemleg possessorane.


3.4.1 Den første fasen: *nP*

Julien bruker sjølv frasen «dei to gamle teikningane mine av byen» som eksempel – eg vil gjere det same her. Sjølve leksemet eller altså stammen av nomenet (N) dannar kjernen i nomenfrasen. Det er her den semantiske tydinga til nomenet («teikning») ligg, saman med nomenets genustrekk. I tillegg ber N eit kasustrekk som gir kasus til heile DP-en. (Av omsyn til plass og relevans gir eg berre denne korte forklaringa. For ei meir detaljert framstilling av korleis N er sett saman, sjå Julien (2005a, s. 2ff)).

N projiserer til nivået *N'* og gir plass til preposisjonsfrasen (PP-en) «av byen» i komplementposisjonen sin. Spesifikatorposisjonen til N, ⟨*Spes, NP*⟩, er innsettingsposisjonen for possessorar i Juliens modell,¹¹ og her står possessivpronomenet «mine» i vårt eksempel (possessivpronomenet har fått kategorien *D_{POSS}* – grunnen kjem vi tilbake til i 3.4.4). «Mine» har eit sett med uvaluerte trekk for kasus, genus og numerus. Kasus- og genustrekka blir valuert av trekka til N, som allereie ligg i strukturen. Numerustrekket til «mine» blir valuert av nomenets numerustrekk (Num), som blir sett inn i strukturen i neste runde og dannar sin eigen frase (NumP) over NP. I tillegg har possessivpronomen eit *POSS*-trekk som må valuerast. Detaljane rundt dette trinnet skal vi komme tilbake til lengre uti dette kapittelet.



I norsk blir numerus- og bestemtheitsbøying gjort synleg i form av suffiks. Sidan desse suffiksa står *bak* nomenet, må nomenet ha flytta forbi dei. I analysen flyttar N opp til Num, og dei to kjernane blir spleisa saman til ein kompleks Num-kjerne, før *n*-kjernen blir sett inn over NumP og Num-komplekset på nytt blir flytta opp til og spleisa til *n*-kjernen (Julien, 2005a, s. 2ff). Gjennom desse flyttingane blir dei uvaluerte trekka til Num og *n* (høvesvis trekk for genus og trekk for numerus og genus) valuerte.



Substantivbøyinga i moderne norsk er synkretistisk: Éi ending inneheld to distinkte trekk, numerus og bestemtheit, utan at vi kan dele endinga i to distinkte delar – endinga *-ane* i maskulinum uttrykker t.d. trekka PLURAL og DEFINITT, men kan ikkje delast i to delar som kvar for seg uttrykker eitt av desse trekka. På denne bakgrunnen er det vanskeleg å argumentere for rekkefølga på Num- og *n*-projeksjonane. I norrøne

¹¹ Juliens teori bruker denne innsettingsposisjonen fordi han fungerer godt nok. Samtidig viser ho til andre forfattarar som argumenterer for at den interne strukturen i NP er meir kompleks enn i denne modellen, og at ein ut frå desse kan tenke seg at possessorar har ein annan innsettingsstad (Julien, 2005a, s. 3).

nomenfrasar var derimot det som har blitt éi ending i norsk to distinkte element (numerusbøying + ei form av den etterhengde bestemte artikkelen *-inn*), der rekkefølga var tydeleg:

(35) hest - ar - nir
 hest.NOM.M - NOM.M.PL - NOM.M.PL.DEF
 ‘hestane’

Julien gir projeksjonen med bestemtheitstrekket DEF namnet *n* fordi *n* står til N slik *v* står til V i setningsderivasjon: N flyttar obligatorisk til han, og han er ein fase, dvs. at han avsluttar eit nivå i frasebygginga. Når *nP* er avslutta, kan vi ikkje lenger flytte element ut av han og oppover i strukturen – elementa som står innanfor han er «ferdige», og berre element som står i den øvste kjerne- eller spesifikatorposisjonen, som vi kan kalle randposisjonar, er tilgjengelege for resten av strukturen (Julien, 2005b, s. 232). I tillegg kan *n* lisensiere argument, slik også *v* kan – dette skal vi komme tilbake til i avsnittet om possessorar under.

3.4.2 Den andre fasen: dei funksjonelle projeksjonane αP , CardP, PossP og DP.


Norske nomenfrasar har ganske fast ordrekkefølge: Før sjølve nomenet (som vi her kan omtale som *nP*) står eventuelle adjektiv, før dei igjen står eventuelle kvantorar, før dei igjen eventuelle førestilte possessorar, og før dei igjen eventuelle artiklar. Denne faste rekkefølga vitnar om at desse elementa har faste plassar i den syntaktiske strukturen.

Korleis ein skal analysere adjektiv er eit mykje omdiskutert problem. Adjektiv kongruerer med kjernenomenet (kjerneliknande), men kan samtidig danne frasar (ikkje kjerneliknande), og påverkar resten av strukturen (ikkje adjunktliknande). Juliens analyse bygger på ein hypotese sett fram i Cinque (1994): Over *nP* blir det oppretta ein eller fleire såkalla α -kjernar. Som alle andre kjernar som blir bygde inn i strukturen deler desse kasus-, genus-, numerus- og bestemtheitstrekk som allereie er der. Adjektivfrasar blir sette inn i spesifikatorposisjonen til α -kjernane, der dei kongruerer med α -kjernen og dermed med kjernenomenet i *nP* (Julien, 2005a, s. 9). (Som vi seinare skal sjå, får det konsekvensar for flyttingsmulegheitene i DP-en at adjektivet får desse eigenskapane.)

Kvantorar blir analyserte på same måte: Dei dannar frasar (WQP, *weak quantifier phrase*) som står i spesifikatorposisjonen til ein Card-kjerne (Card: *cardinal number* eller kardinaltal) over αP .¹²

¹² Vi kan skilje mellom sterke og svake kvantorar, og denne analysen gjeld dei svake kvantorane, som plasserer seg på same stad som grunntal. Sterke kvantorar plasserer seg fremst i DP-en, før eventuelle bestemte artiklar (Julien, 2005a, s. 129). I norsk gjeld dette berre ei svært lita gruppe ord (to døme er *alle* og *begge*).

Fig 7



Over CardP finn vi PossP, ein projeksjon som kan bli oppretta for å hyse possessorar som av ein eller annan grunn skal flyttast fram frå <Spes, NP>. Vi skal komme tilbake til det nedanfor. Som med α P og CardP reknar Julien med at denne projeksjonen er eit fast potensiale i språket, og kan aktiverast når han trengst.

Etter ein eventuell Poss-projeksjon blir D-kjernen spleisa inn i strukturen. Funksjonen til D-projeksjonen er å uttrykke spesifikk eller ikkje-spesifikk referanse. Spesifikk referanse er ein kategori innanfor konseptet «bestemtheit», og kan kort forklarast som forskjellen mellom om


frasen viser til ein bestemt ting i verda (spesifikk), eller til eit generelt konsept (ikkje-spesifikk). Ein DP med spesifikk referanse har trekket +DEF i D, og i desse tilfella må D-projeksjonen gjerast morfologisk synleg. (Dette er ingen universell regel – jf. t.d. Julien (2005a, s. 14ff) for ein diskusjon om skilnadar mellom romanske og germanske språk på dette punktet.)

Den føretrekte måten å realisere ein definit D-projeksjon på i moderne norsk er å flytte eit nominalt element opp til <Spes, DP> (Julien, 2005a, s. 28). Dette skjer ved at D søker nedover i strukturen etter nominale element som har dei nødvendige trekka (dvs. DP-ens definit-, numerus- og genustrekk, eller kort og godt trekka til *n*). Viss det ikkje står possessorar, kvantorar eller adjektiv i domenet over *nP*, er kjernenomenet sjølv den nærmaste kandidaten. Heile *nP* blir da flytta opp til <Spes, DP>.


Sonden i D hentar fram den *nærmaste* konstituenten som oppfyller krava. Det vil seie at viss det høgste elementet under D er ein possessor i <Spes, PossP>, blir denne henta opp for å realisere D-projeksjonen (Julien, 2005a, s. 218):

(36) [_{DP} Mine [_{PossP} mine [_{CardP} to [_{αP} gamle [_{nP} teikningar av byen]]]]]

Fig 8



Viss den nærmaste konstituenten under D derimot er ein kvantor eller eit adjektiv, oppstår ein sperreeffekt. Både kvantarar og adjektiv deler dei nødvendige trekka med *n*, og vil såleis begge vere «nærmaste kandidat». Men kvantarar kan (i det minste når *n* er definit) ikkje uttrykke eit definit-trekk morfologisk, og adjektiv er ikkje nominale. Men dei blokkerer flytting av *nP*, som oppfyller *alle* krava. Som siste utveg blir derfor D-kjernen sjølv realisert i form av ein artikkel i desse tilfella. Resultatet blir dobbel bestemtheit (Julien, 2005a, s. 34).



3.4.3 Possessorar

Vi hugsar frå 3.4.1 at possessorane blei sette inn i ⟨Spes, NP⟩. Når dei er sette inn, må dei bli godkjente via samsvar med valuerte trekk i strukturen. I tillegg må dei ha kasus for å bli morfologisk synlege. Som vi såg i innleiinga er det seks ulike possessivkonstruksjonar i norsk. I Juliens analyse representerer desse fire ulike måtar å lisensiere possessoren og gi han kasus på (Julien, 2005b, s. 217). Alle possessorane er på ein eller annan måte knytte til eit POSS-trekk, og dette blir godkjent via samsvar med eit +DEF-trekk i *n* mens possessoren står i innsettingsposisjonen sin i ⟨Spes, NP⟩ (Julien, 2005a, s. 146f). Dermed kjem variasjonen av korleis possessorane får kasus. I dei følgjande avsnitta vil eg sjå på kvar av dei seks konstruksjonane i moderne norsk, først dei etterstilte possessorane og så dei førestilte. Etterstilte possessorar blir både godkjente og får kasus der dei blir sette inn. Førestilte DP-possessorar *må* derimot flyttast fordi dei ikkje kan få oppfylt kravet om kasus lokalt.



3.4.4 Etterstilte possessorar

Etterstilte possessivpronomen

Alle pronomen i norsk består av eit sett med φ-trekk for person, numerus og kasus. T.d. har pronomenet «eg» trekka 1. person singular, nominativ, mens «deg» har trekka 2. person singular, oblik (for enkelheits skyld går eg ut frå systemet i varietetane utan dativ kasus her). Pronomena i 3. person singular har også trekk for genus.

Eigedomspronomen har derimot *to* sett med trekk: Dei ber possessorens ϕ -trekk, som eksemplifisert over, men i tillegg har dei eit sett med uvaluerte trekk for genus og numerus (og kasus) som samsvarer med possessumets, samt eit POSS-trekk. I Juliens modell blir dette forklart ved at eit possessivpronomen består av to knutar som er spleisa saman, éin med possessorens trekk (D) og éin med

Fig 10




dei uvaluerte trekkja possessivpronomenet har i eigenskap av å vere possessivpronomen (D_{POSS}) (Julien, 2005a, s. 162). Dette er illustrert i Fig 10 øvst til høyre. Når eit eigedomspronomen blir sett inn i \langle Spes, NP \rangle blir desse samsvarstrekkja sjekka mot possessumets trekk, inkludert samsvaret mellom POSS-trekket og +DEF-trekket i n (sjå Fig 11). I denne prosessen får possessivpronomenet også possessumets kasus (Julien, 2005b, s. 227). Slik får possessivpronomenet kasus der dei blir sette inn.

Preposisjonspossessorar (PP-possessorar)

I motsetning til possessive pronomen har DP-possessorar berre sitt eige sett med ϕ -trekk, i tillegg til POSS-trekket. Den einaste samsvarsrelasjonen dei kan ha med element i nP er POSS/+DEF-samsvaret med n . Julien hevdar at blant dei moderne skandinaviske varietetane i analysen er islandsk det einaste språket der dette er nok, for gjennom dette samsvaret godkjenner n også eit trekk for genitiv kasus hos DP-en – i meir konservativt moderne islandsk og eldre steg av dei andre skandinaviske språka går ut ho ut frå at n ikkje er involvert i det heile, men at det leksikalske nomenet i N sjølv godkjenner og deler ut genitiv kasus til ein possessor (Julien, 2005a, s. 157). I moderne norsk har nP derimot mista evna til å dele ut kasus, og DP-en må skaffe seg kasus på andre måtar.

Den første og vanlegaste måten å gjere dette på er å sette possessor-DP-en inn i ein preposisjonsfrase. «Preposisjonen» er eit reint funksjonelt element (han manglar den leksikalske tydinga han har elles i språket) som uttrykker POSS, og som også har preposisjonens evne til å dele ut leksikalsk kasus til komplementet sitt. Possessive PP-ar kan ikkje hentast ut av nP for å bli fokuserte, for slik henting krev at det som blir henta *både* skal ha fokus og samsvarer med resten av DP-strukturen. Sidan desse to eigenskapane ligg hos kvart sitt element i P_{POSS} -en (DP-en skal ha fokus, P_{POSS}



samsvarer med +DEF-trekket i *n*) må begge bli ståande i etterstilt posisjon (Julien, 2005b, s. 228ff). Dette forklarer korfor vi ikkje kan ha førestilte PP-possessorar i norsk:

- (37) Hesten til Jostein
- (38) * Til Jostein hesten/hest [~~til~~ Jostein]
- (39) * Jostein hesten/hest [til Jostein]
- (40) * Til hesten/hest [~~til~~ Jostein]

Hans/hennar-possessorar

Den neste mulegheita er det Julien kallar *the possessive pronoun and proper name construction*, eller det eg i 2.1 kalla *hans/hennar-possessiv*. Eg gjentar eksempelet derfrå som (41):

- (41) Hesten hans Jostein

Denne konstruksjonen er ikkje muleg i alle norske dialektar. Julien føreslår at dette kan ha samanheng med at dei dialektane som har denne konstruksjonen gjerne også har såkalla prepropriell artikkel, dvs. at eigennamn opptre saman med eit pronomen (Julien, 2005a, s. 173). Eksempla under, frå min eigen dialekt (Midt-Troms) viser dette:

- (42) [* (Hann) onkel Per]
- (43) [(~~*~~ Hann) bussjåfør'n]
- (44) Huset [hann-es onkel Per] / * [hann-es bussjåfør'n]

Som eksempla viser, kan *hans/hennar-possessiven* berre brukast når possessoren er ein DP som kan opptre med prepropriell artikkel.

Julien analyserer *hans/hennar-possessiven* slik: Ein possessor-DP med prepropriell artikkel blir spleisa til ein tom D_{POSS} , dvs. eit possessivpronomen utan eigne ϕ -trekk. D_{POSS} er det same elementet som elles tar personlege pronomen som komplement for å danne possessivpronomen, slik vi såg ovanfor. Den prepropriele artikkelen (D i possessor-DP-en, sjå figur til venstre) flyttar forbi D_{POSS} -kjernen og blir spleisa til han, slik at resultatet blir possessivpronomen + DP (Julien, 2005a, s. 172).

Ovanfor såg vi at possessivpronomen deler kasustrekk med possessumet, og på denne måten blir dei godkjent i DP-strukturen og får kasus samtidig. Men i islandsk ser vi at possessor-DP-en som inngår i *hans/hennar-possessivar* alltid får genitiv kasus. Og




Fig 13

i västerbottensvensk får han dativ kasus. Julien tolkar dette som at sjølv om D_{POSS} i *hans/hennar*-possessivar deler kasus med possessumet, deler elementet også *ut* kasus, på same måte som P_{POSS} i PP-possessivar gjer (Julien, 2005a, s. 173ff). Vi reknar med andre ord med at også possessivpronomen kan dele ut leksikalsk kasus.

3.4.5 Førestilte possessorar

Som vi såg over, får dei etterstilte possessorane i norsk kasus der dei blir sette inn, enten ved å dele kasus med possessumet (possessivpronomen), eller ved å få det utdelt frå ein possessivpreposisjon (P_{POSS} , PP-possessorar) eller eit tomt possessivpronomen (D_{POSS}) som tar possessor-DP-en som komplement (*hans/hennar*-possessorar). Både D_{POSS} og P_{POSS} blir lisensierte gjennom samsvar mellom sitt eige POSS-trekk og eit +DEF-trekk i *n*, uttrykt som bestemt bøying på possessumet.

Når possessoren er førestilt, har possessumet aldri bestemd artikkel. Vi kunne tenkt oss at dette betyr at *n* ikkje deltar i lisensieringa av førestilte possessorar. Julien argumenterer for at det likevel står eit +DEF-trekk i *n* som lisensierer possessoren (Julien, 2005a, s. 201f). Eit teikn på dette er at adjektiv i DP-ar med førestilte possessorar alltid får bestemt bøying, slik *-e*-suffikset i eksempla viser:

(45) Ein trong sko

(46) Den trong-e sko-en

(47) Askepotts trong-e sko

Grunnen til at possessumet ikkje sjølv viser bestemt bøying når possessoren er førestilt, er ifølgje Julien at når possessoren flyttar ut av fasen *nP*, må han lande i $\langle \text{Spes}, nP \rangle$ på vegen – dette er den einaste «rømmingsluka» ut av fasen. Sidan possessoren i $\langle \text{Spes}, nP \rangle$ uttrykker alle trekka til *n*, får ikkje *n*-kjernen sjølv noka synleg realisering.


Sjølv om possessumet ikkje har synleg etterhengt artikkel når possessoren er førestilt, kan vi altså likevel gå ut frå at det har ein definit *n* og at possessoren er lisensiert av denne. Som vi skal sjå under, er det to grunnar til at possessorar i norsk likevel flyttar til $\langle \text{Spes}, nP \rangle$ og vidare opp til PossP.

Sin-/s-possessorar

Den første grunnen til at possessorar flyttar fram, er mangel på kasus. Blir ein ikkje-pronominell possessor sett inn i strukturen utan følgje av ein preposisjon (P_{POSS}) eller eit possessivpronomen (D_{POSS}), er det ingen element i *nP* som kan dele ut kasus til han. Poss-projeksjonen under DP, som *kan* dele ut kasus, blir da aktivert, men sidan kasusgodkjenning ikkje kan skje over fasegrenser, må possessoren *ut* av *nP*. Han flyttar derfor opp til $\langle \text{Spes}, nP \rangle$, før han flyttar vidare til $\langle \text{Spes}, \text{PossP} \rangle$ (Julien, 2005a, s. 218f).

Poss deler ut kasus til possessor-DP-en. Sidan POSS-trekket ikkje kan gjerast synleg på DP-en sjølv, blir i staden Poss-kjernen gjort synleg, enten som ei form av det refleksive possessivpronomenet *sin* som samsvarer morfologisk med possessumets trekk (*sin-possessiv*), eller som ein morfologisk invariant *-s* (Julien, 2005a, s. 219, 224f).

Til slutt vil samsvaret mellom possessorens POSS-trekk og +DEF-trekket i *n* gjere at også D må vere definititt. Som vi såg i 3.4.2, krev ein definititt D å bli gjort synleg. Sidan den førestilte possessor-DP-en er den nærmaste kandidaten som oppfyller krava, blir han flytta opp til <Spes, DP>. Dette er vist i figuren nedanfor (Fig 14).



Førestilte possessivpronomen

Mens possessor-DP-ar altså *må* flytte til <Spes, PossP>, går Julien ut frå at possessivpronomen kan gjere dette frivillig, dvs. for den pragmatiske effekten si skyld; dei er fullt lisensierte der dei står. Jf. eksempla under.

(48) JONS hest / Jons HEST /* Hesten Jons

(49) MIN hest / ?? Min HEST / Hesten min

Som vi ser, fungerer DP-possessoren i (48) *berre* når han er førestilt, men da fungerer han like godt enten han er utheva eller ikkje. Possessivpronomenet i (49) fungerer derimot både føre og etter nomenet, men

førestilt fungerer det best viss det er utheva. I desse tilfella er possessivpronomenet sett inn saman med eit fokus-trekk, som trekk det fram til <Spes, *nP*> og til ein prenominal posisjon (Julien, 2005a, s. 171). Julien lar denne fokusposisjonen vere <Spes, PossP> i analysen, men opnar for at DP-strukturen kan vere meir kompleks, og at det finst ein annan posisjon som fokuserte element flyttar til (Julien, 2005a, s. 208).

4 Metode

I denne oppgåva har eg hatt behov for språklege data frå eldre skriftlege kjelder. Når eg i neste kapittel skal utvikle ein analyse for norrønt, bygger eg på eit utval norrøne nomenfrasar, i tillegg til dei analysane eg allereie har presentert. Eg vil også bruke fleire eksempel på nyare possessivar i analysedelen av denne oppgåva: Det vil vere fåfengt å samanlikne analysen av norrøne nomenfrasar med analysen av *sin*-possessiven i moderne norsk viss sistnemnde ikkje oppfører seg slik han gjorde i eldre norsk, og eg har derfor måtta samanlikne dei tidlege eksempla på genitivomskrivningar med dei same konstruksjonane slik dei artar seg i dag. Her vil eg presentere kva eg har lagt vekt på når eg har valt ut data frå norrønt og yngre språksteg.

4.1 Problem i historisk syntaksforskning

Eit generelt problem i historisk syntaksforskning er at vi ikkje har tilgang til levande informantar som kan svare på kva konstruksjonar som er akseptable, og, minst like interessant, kva som *ikkje* er det (jf. Faarlund, 2003, s. 9). Vi har derimot tekst. Det nest beste ville dermed vere tilgang til fleire og varierte eksempel, frå fleire skrivarar, på kvart språksteg. Fleire og varierte eksempel frå kvar skrivar er viktig for å kunne danne seg eit meir heilskapleg bilde av grammatikken til kvar enkelt språkbrukar, og fleire skrivarar er nødvendig fordi vi ikkje utan vidare kan gå ut frå at ein konstruksjon skapt av éin skrivar nødvendigvis ville blitt oppfatta som akseptabel av ein annan.

Norrønt er eitt av våre best dokumenterte daude språk, med eit breitt utval av tekstar i ulike prosasjangrar. Når det gjeld språksamfunnet i Bergen, som kunne vore sentralt for problemstillinga vår, har vi derimot eit svært avgrensa datagrunnlag. Nesse skriv i sitt kapittel om det ho omtalar som «*sin*-genitiven» at ho har tatt med ei relativt omfattande eksempelsamling, fordi ho meiner «at nettopp mangel på empiri har vært et hinder for at noen har greid å forklare framveksten av *sin*-genitiven tilfredsstillende» (2002, s. 171). Denne «relativt omfattande» eksempelsamlinga inneheld 46 eksempel på tysk og norsk spreidde over eit tidsrom på nesten 300 år, og sjeldan med meir enn ein handfull eksempel per skrivar. Heller ikkje i andre eldre norske tekstar eg har undersøkt, er det særleg mange eksempel å finne.

I tillegg til at dette ganske avgrensa datagrunnlaget gir undersøkinga mi utfordringar, er det fleire problem ved tekstar som språkvitne *per se*. Eitt problem er overleveringshistoria: Avskrivarar og trykkarar

kan oppigjennom ha endra på tekstane, enten som tilfeldige feil i atgivinga eller i medvitne forsøk på «forbetring» (dette er kommentert fleire gongar i Iversen (1921)). I denne oppgåva arbeider eg med normaliserte norrøne tekstar der ortografien er standardisert i moderne tid. Syntaksen er gjerne mindre påverka av slik standardisering, men i dei tilfella der vi har fleire ulike førelegg for same tekst, vil ei moderne utgåve gjerne bruke den mest konservative ordstillinga. Til sjuande og sist er det såleis det språklege skjønnet til filologen som har arbeidd med teksten som endar opp på trykk.

Eit meir alvorleg problem ved tekstar som språkvitne er at språket i dei ikkje nødvendigvis representerer det munnlege språket. Dette er eit alvorleg problem for mi undersøking, og det gjer seg gjeldande særleg for tekstane frå mellomnorsk og eldre nynorsk periode. Etter reformasjonen blir det offisielle skriftspråket i Noreg dansk. Da hadde overgangen til dansk skriftspråk allereie halde på ei stund. Det gjer at tekstane vi har, er svært upålitelege kjelder til talemålet lokalt. Også sjanger spelar inn her: Slik påpeiker t.d. Iversen (1932, s. 10) at valet av eigeomsform i dei mellomnorske kjeldene lenge varierer uavhengig av skrivarens «ætt, målføre eller miljø», men heng heilt saman med om sjangeren er religiøs (reformasjonsdansk som førebilde) eller juridisk (norrønt rettsmål som førebilde). Sjangrane bidrar i tillegg til mangelen på variasjon blant konstruksjonstypene i materialet: Ein stor del av kjeldene våre til mellomnorsk språk er brev og protokollar, med faste strukturar og formular.

4.2 Korpus

Eg har prøvd å skaffe eit breitt utval av eksempel av alle konstruksjonstypene eg har funne, sidan ein blir meir sårbar for overgeneraliseringar og feil i kjeldene jo færre eksempel ein har. Det er likevel slett ikkje alle konstruksjonane eg har greidd å finne meir enn eit par eksempel på. Hovudsaka for mi problemstilling er heldigvis ikkje om konstruksjonen er vanleg, men om han er produktiv.

Eg har ikkje kunna gjere større undersøkingar i primærkjelder. I staden stør eg meg til sekundærkjelder: Nygaards *Norrøn syntax* (1905; 1966-optrykket), Falk og Torps *Dansk-norskens syntax* (1900), og Iversens *Bokmål og talemål* (1932). Desse verka baserer seg på eit breitt utval av kjelder, dvs. mange ulike skrivarar innanfor kvart språksteg. Vidare står dei i ein taksonomisk grammatikktradisjon der målet er eit katalogisk oversyn over strukturane i språket, og eg stoler derfor på at dei har søkt å skildre eit så breitt utval av strukturar som muleg, og at dei dermed er gode kjelder til varierte data. I dei tilfella der eg har kjent behov for fleire eksempel eller større variasjon, har eg gått til primærkjeldene desse verka viser til. I tillegg bruker eg Agnete Nesse (2002) sine data frå Bergen – desse stammar frå språkkontaktsituasjonen ein går ut frå at *sin*-possessiven blei lånt i – og Venås' «Den fyrste morgonblånen» (1990), som er ei samling dialekttekstar frå midten av 1500-talet og framover. Når det gjeld dei siste, er den yngste teksten eg har brukt frå 1716. Grunnen til at eg har gått så langt fram i tid er for å få eit større utval eksempel å arbeide med. Eksempla på possessivkonstruksjonar som svarer til dei moderne norske er nemleg, som allereie

nemnt, svært få i dei mellomnorske kjeldene. Dei eksempla eg har å arbeide med, stammar såleis mest frå eldre nynorsk tid. Eg har, så langt det lar seg gjere, brukt prosatekstar, sidan syntaksen i lyriske tekstar kan bli sterkt påverka av versemålet; dei gamle dialekttekstane hos Venås er likevel stort sett høvesdikt, og eg har måtta gjere eit unntak for dei. Data frå moderne norsk, som eg treng til samanlikning, har eg ekserpert sjølv, i tillegg til at eg står meg til eksempla i Julien (2005a).

Frå dei kjeldene eg har brukt, har eg samla eit korpus på 141 eksempel (60 på norrønt, 81 frå yngre tekstar).¹³ Av dei mellomnorske og eldre nynorske frasane eg bruker, er alle possessive. Dei er dessverre stort sett svært enkle: Berre 11 inneheld eit adjektiv i tillegg til possessor og possessum, mens éin inneheld ei restriktiv relativsetning. Det er generelt vanskeleg å finne komplekse possessive nomenfrasar i dei eldre nynorske kjeldene eg har sett på, og eg har tatt med så mange eg kan. Blant dei 58 norrøne possessive nomenfrasane eg har tatt med, inneheld derimot 20 demonstrativ eller adjektiv.

I det følgjande vil eg presentere den analysen for norrøne nomenfrasar eg har komme fram til på grunnlag av desse dataa og tidlegare analysar. Deretter vil eg samanlikne *sin*-possessiven i dei eldste eksempla med den moderne, før vi endeleg kan prøve å komme med eit svar på problemstillinga for denne oppgåva.

5 Analyse

I dette kapittelet vil eg først legge fram den analysen eg vil bruke av possessive nominalfrasar i norrønt. Gjennomgangen er bygd opp rundt det eg meiner er dei mest sentrale forskjellane mellom norrøne og moderne norske nomenfrasar. Deretter vil eg samanlikne moderne *sin*-possessivar med tilsvarende konstruksjonar i eldre norsk. Er forskjellane for store, vil det vere relativt poenglaust for mi problemstilling å samanlikne norrøne konstruksjonar med *sin*-possessiven i moderne norsk. Til slutt vil eg legge fram det eg, basert på det ovannevnte, meiner er forskjellen på den norrøne genitiven og *sin*-possessiven, og i kva grad vi kan seie at den siste er meir økonomisk, etter målestokken vi sette opp i kapittel 3, enn den første.

5.1 Ein analyse av possessive nominalfrasar i norrønt

Når eg skal tilpasse Juliens DP-analyse til norrønt, vil eg legge vekt på tre punkt der norrøne nomenfrasar skil seg frå norske:

- 1) Posisjonen og forma til possessorar
- 2) Posisjonen og forma til adjektiv
- 3) Synleg uttrykt bestemtheit

¹³ Korpuset ligg i vedlegg.

Punkt 1 gir seg sjølv, sidan det er hovudspørsmålet i denne oppgåva. Punkt 2 og 3 har eg valt ut fordi eg vil føreslå at *alle* syntaktiske forskjellar mellom norrøne og norske nomenfrasar kan førast tilbake til desse tre punkta. Dette er ein sterk påstand, men eg trur at han kan forsvareast.

5.1.1 Synleg uttrykt bestemtheit vs. kasus som markør for referensialitet

La oss først sjå på synleg uttrykt bestemtheit. Ein kan hevde at dei største forskjellane mellom nomenfrasar i norrønt og norsk er

- a) norrønt har fire morfologiske kasus, mens moderne norsk (med unntak av dativdialektane) har synleg kasusskilje berre i pronomenbøyinga
- b) norrønt bruker, ulikt norsk, ikkje ubestemd artikkel, og har tilsynelatande valfrie bruk av den bestemte artikkelen (*h*)inn
- c) norrønt har friare ordstilling internt i nomenfrasen

Eg vil hevde at desse tre forskjellane heng saman, ved at dei alle er knytte til ei endring i korleis språket markerer referensialitet. Kasus speler ei hovudrolle i det norrøne systemet, mens artiklar og bestemtheit har same rolle i det norske. I dei neste avsnitta vil eg vise korleis vi kan sjå innføringa av kravet om synleg bestemtheit (b over) som ein konsekvens av tapet av morfologisk synleg kasus (a), og korleis denne endringa fører til færre flyttingsmulegheiter i nomenfrasen (c).

Det er ting som tyder på at synleg bestemtheit (artiklar) og synleg kasus utfører same type oppgåver i syntaksen, nemleg å gjere ein DP referensiell. Ei undersøking av fleire europeiske språk i Holmberg (1994) konkluderte med at alle dei undersøkte språka hadde enten kasus eller artiklar eller begge delar (sitert her frå Julien, 2005a, s. 23). Blant dei skandinaviske språka er islandsk det einaste som ikkje har ubestemd artikkel. Det er også det einaste språket med eit fullt produktivt kasussystem. Holmberg og Sandström (1996, s. 101ff) føreslår at denne forskjellen kjem av at islandsk har eit sterkt kasustrekk i D, mens dei fastlandsskandinaviske språka har eit sterkt definit-trekk på same stad. Eit sterkt trekk må ha fonetisk synleg materiale som matchar det enten i kjerneposisjonen eller i spesifikatorposisjonen til frasen det står i. Dette blir løyst ved innsetting eller flytting. Sidan islandsk har eit sterkt kasustrekk i D, tiltrekk denne kjernen seg ein konstituent med synleg kasustrekk.¹⁴ I dei fastlandsskandinaviske språka tiltrekk D seg derimot konstituentar med synlege definit-trekk, slik vi såg i gjennomgangen av Juliens analyse.

Viss vi går ut frå at dette stemmer, kan vi slå saman endringane a) synleg kasus og b) synleggjering av bestemtheit til essensielt éi endring, nemleg overgang frå eit system med kasus og artiklar til eit system

¹⁴ Ein kan spørje seg om dette kasustrekket må uttrykke *DP-ens* kasus, eller om også adnominala genitivar som ikkje deler kasus med resten av DP-en kan realisere D. Her vil eg gå ut frå at kasustrekket i D må stemme med kasustrekket i *n*, sidan analysen krev at alle kjernar i strukturen samsvarer. Dette er likevel eit problem ein også kunne undersøkt *empirisk*, ved å samanlikne førestilte genitivar i norrøne kjelder: Viss det eg går ut frå her, stemmer, vil vi kunne vente forskjellar i distribusjonen til DP-possessorar og pronomielle possessorar – dei siste deler som vi hugsar kasus med possessumet. Ei slik empirisk undersøking har eg likevel naturleg nok til ikkje plass til i denne oppgåva.

med artiklar, utan kasus. (Eg vil for enkelheits skyld bruke Juliens føreslåtte løysing for moderne islandsk når det gjeld kravet om synleg materiale i D-projeksjonen – eg kjem tilbake til dette i avsnittet om kvantorar nedanfor). Denne endringa påverkar endeleg punkt c) over, nemleg den strengare ordstillinga i norsk.

Låke hevdar at det spesifikt er rekkefølga kvantor – nomen, demonstrativ – nomen og adjektiv – nomen som er blitt låste i moderne norsk, mens dei var frie i norrønt (Låke, 2007, s. 107). Eg vil føreslå at mykje av grunnen til at ein har hatt inntrykk av «fri» kvantorstilling i norrønt er at ein har behandla alle kvantorar likt. I gjennomgangen av Juliens analyse såg vi at sterke kvantorar (t.d. *alle, begge*), som typisk uttrykker ein totalitet (jf. oversikten i Barwise og Cooper, (1981, s. 182)), og som står føre artiklar og demonstrativ, har status som eigen klasse i denne analysen (Julien, 2005a, s. 129). Tilfelle av «fri» kvantorstilling i norrønt som kan forklarast som slik «sterk kvantor»-oppførsel ser eg dermed på som fullt forklarte i Juliens analyse, og dei utgjer altså ingen forskjell mellom norrøn og moderne norsk ordstilling (jf. Faarlund (2004, s. 84) om kvantoren *allr*, som er eit godt eksempel). Dette betyr ikkje at eg meiner norrønt ikkje har friare kvantorstilling enn norsk, for dei svake kvantorane oppfører seg faktisk ulikt på dei to språkstega. Dette vil eg sjå på under.

I norrønt står kvantorar helst før nomenet, og før adjektiv, men dei kan også stå etter nomenet (Låke, 2007, s. 71ff). – denne ordstillinga er ikkje muleg i moderne norsk, kanskje med unntak av i arkaiserande eller dikterisk språk som i eksempel (50). Viss vi ser til moderne islandsk, finn vi også der «fri» kvantor-nomen-rekkefølge på den måten at kvantorar, særleg tal, ofte hamnar sist i nominalfrasar med spesifikk referanse.

(50) Så spende han føre *dei folane tolv*

(51) Hann átti *sonu* *tvá* við konu sinni
Han hadde son.AKK.PL to.AKK.M.PL med kona si
'Han hadde to søner med kona si' (Hkr.Ung I 30.16)

(52) fræg-u *bæk-ur-nar* *mínar* þrjár
berømt-DEF.PL bok-NOM.F.PL-DEF.NOM.F.PL eg.POSS.NOM.F.PL tre
'Dei tre berømte bøkene mine' (Julien, 2005a, s. 55)

Juliens analyse av fenomenet i islandsk er denne: På islandsk kan ikkje berre possessorar og *nP*, men også *αP* bli henta opp for å gjere D-projeksjonen synleg. Vi hugsar frå 3.4.2 at svake kvantorar står i CardP, over *αP*, og såleis burde vere nærmaste kandidat for D. Men sidan sonden i D søker eit element som uttrykker kasus, og mange kvantorar, særleg tal, ikkje gjer dette på islandsk, kan sonden søke forbi dei (Julien, 2005a, s. 54f). Neste element under CardP (*nP*, ev. *αP*) vil ende opp med å bli flytta, og slik hamnar kvantoren bak heile resten av frasen.

Å bruke moderne islandsk til analysar av norrønt er ikkje uproblematisk (jf. Faarlund, 2003, s. 12f). Spørsmålet om kvantorars stilling fell likevel for langt utanfor mi problemstilling, og datamaterialet mitt inneheld for få eksempel på kvantarar til at det blir meningsfullt å undersøke fenomenet nærmare. Eg vil derfor bruke Juliens analyse av islandsk for norrønt utan vidare diskusjon.

Den «frie» ordstillinga demonstrativ-nomen vil eg heller ikkje behandle nærmare. Eg har ikkje funne eksempel på at nomenet flyttar føre demonstrativet med mindre nominalfrasen inneheld ei relativsetning, og i desse tilfella kan fenomenet ha meir med relativsetningars struktur enn med nomenfrasars struktur å gjere. Eg vil derfor la demonstrativa ligge.

Til slutt kjem vi til den «frie» ordstillinga adjektiv-nomen. Som vi skal sjå i dei neste avsnitta, er dette eit meir komplisert problem enn dei to førre tilfella av fri ordstilling. Denne endringa lar seg heller ikkje enkelt knytte til overgangen frå kasus- til artikkelspråk.

5.1.2 Posisjonen og forma til adjektiv

Uttrykket «fri» ordstilling har så langt fått følge av hermeteikn, sidan ordstillinga så klart ikkje er fullstendig fri i norrønt (Faarlund, 2004, s. 11f). Når det gjeld adjektivet, som har éi fast stilling i norsk, kan det gå inn i tre ulike konstellasjonar saman med nomen og artikkel i norrønt: bak nomenet og artikkelen (i den rekkefølga), mellom artikkelen og nomenet (i den rekkefølga) og før nomenet. Denne «fridomen» er samtidig regulert av komplekse morfologiske og semantiske reglar, som har ein del å seie for korleis vi må analysere stillinga til adjektivet i norrøne DP-ar.

Norrønt har, som moderne norsk, ei sterk og ei svak bøyning for adjektiv. I norsk er den svake bøyninga heilt invariant, i form av eit *-e*-suffiks, mens den norrøne svake bøyninga svarer til den svake substantivbøyninga: Bøyingssuffikset markerer kasus, genus og numerus. Svakt bøyde adjektiv i norrønt er alltid førestilte, og ser ut til å krevje ein førestilt bestemd artikkel («preadjektivisk» bestemd artikkel). Det er berre denne adjektivforma som blir ståande *mellom* artikkel og nomen i norrønt.

Den sterke adjektivbøyninga er rekna som standard i norrønt, og det er i denne bøyninga adjektiv kan stå bak nomen + artikkel og før nomen utan artikkel. Denne bøyninga er også den som blir brukt predikativt i norrønt, og i norsk. Men i norsk kan ingen adjektiv, verken svake eller sterke, stå bak nomenet.¹⁵ I eksempla er svak bøyning, som også blir omtala som bestemt bøyning, glossa som DEF:

(53)	hinn	mest-a	úvin	(Stj. 470.18; Nyg 65)
	DEF.AKK.M.SG	mest-DEF.AKK.M.SG	uven.AKK.SG	
(54)	(Den)	størst-e	uven-en	
	DEF.M.SG	størst-DEF	uven-DEF.M.SG	

¹⁵ Eksempel som «Harald (den) Hårfagre»/«Haraldr (hinn) hárfagri» reknar eg ikkje som etterstilte adjektiv, men som apposisjonar.

- (55) hann var snimma mikill ok vænn (Laxd. 173.7; Faa 94)
han var tidleg stor.NOM.M.SG og ven.NOM.M.SG
- (56) Han var tidleg stor og kjekk
han var tidleg stor.M.SG og kjekk.M.SG
- (57) mik-inn her (Hkr II 229.7; Faa 68)
stor-AKK.M.SG hær.AKK.SG
- (58) (Ein) stor hær
-DEF.M.SG stor.M.SG hær.SG
- (59) ørn mikinn (Gunnl 4.8; Faa 69)
ørn.AKK.M.SG stor.AKK.M.SG
- (60) * (* Ei) ørn stor
±DEF.F.SG ørn.F.SG stor.F.SG

I tillegg til desse forskjellane i form og distribusjon ser det ut til å vere ein semantisk forskjell. Nygaard skriv at når eit substantiv opptre saman med ein førestilt artikkel og eit adjektiv, «betegner [adjektivet] en bekjendt egenskap ved den bekjendte gjenstand eller en egenskap, der tilhører gjenstanden efter dens natur og væsen» (1966, s. 48). Noko liknande hevdar Hodler, som skriv at det svake adjektivet er ei substantivert form (1954, s. 76).

Lohndal og van Gelderen (2008) tar utgangspunkt i denne semantiske sær eigenheita ved svake adjektiv. Med deira ord er sterke adjektiv predikative, dvs. verbliknande, mens dei svake er substantivliknande: Dei dannar ei eining saman med substantivet, som «vesenseigen» eigenskap (s. 16).

Vi ser på dei sterke adjektiva først. I Faarlund og Låkes analysar (Faarlund, 2004, s. 68f; Låke, 2007, s. 61) blir postnominal stilling av adjektiv (som er rekna som standard) forklart ved at nomenet valfritt flyttar forbi adjektivet (sjå Fig 15 til høgre). Dette er inga ideell løysing, for ei valfri flytting bør ikkje vere standard. Av alternativa «flytt» og «ikkje flytt» er «flytt» det minst økonomiske, sidan det inneber ein operasjon ekstra.





Fig 16

Lohndal og van Gelderens
analyse av sterke adjektiv
i norrønt




Er adjektivet derimot *generert* postnominelt, treng vi ikkje ty til noka slik valfri flytting som forklaring. Lohndal og van Gelderens analyse lar derfor dei sterke adjektiva bli sette inn i ei redusert relativsetning bak nomenet. At sterke adjektiv også kan stå prenominalt, forklarar analysen med at dei (valfritt) flyttar forbi nomenet opp til <Spes, α P>, posisjonen der adjektiv obligatorisk står i norsk (Lohndal & van Gelderen, 2008, s. 15). Slik blir det valfrie mønsteret det minst frekvente, slik vi ville vente (sjå Fig 16 til venstre).

Analysen av sterke adjektiv vil eg bruke slik han er. Når det gjeld svake adjektiv, hevdar Lohndal og van Gelderen at dei får sine substantivliknande eigenskapar ved å bli spleisa med eit nominaliserande element (kalla *n*). Det svake adjektivbøyingssuffikset er realiseringa av dette elementet (2008, s. 13ff). Sjølve adjektivet blir sett inn på same stad som sterke adjektiv, men henta opp til det nominaliserande elementet, som står i <Spes, NP> (sjå Fig 17 høgre).

Fig 17


Lohndal og van Gelderens
analyse av
svake adjektiv
i norrønt



Når eg bruker denne analysen vidare, vil eg gjere tre mindre endringar frå korleis han er presentert over. For å unngå samanblanding med den funksjonelle projeksjonen *nP* over NumP og frasen som inneheld det nominaliserande elementet *n*, vil eg kalle det siste *na*, fordi det på same måte som Juliens α -kjernar lisensierer adjektiv. Dernest vil eg presisere at frasen *naP* må stå i <Spes, NumP>, ikkje <Spes, NP>. Går vi ut frå at alle nomen flyttar obligatorisk til Num for å få numerusbøying i norrønt, må *naP* nemleg stå i ein høgare projeksjon enn denne for å komme før nomenet, men lågare enn *n* for å komme etter den bestemte artikkelen (*h*)inn. Den openbare løysinga er at *naP* står i <Spes, NumP>. Lohndal og van Gelderen presenterer sin analyse utan Num-projeksjon, men sidan analysen deira bygger på Juliens og ikkje anna er nemnt, går eg ut frå at Num-projeksjonen ganske enkelt er utelaten for enkelheits skyld i presentasjonen deira.

For det tredje vil eg ikkje gå ut frå at adjektivet blir henta frå postnominell stilling. Denne posisjonen er nemleg ikkje i *na*-kjernens C-kommandodomene, gitt at denne kjernen projiserer til fraseform før han blir sett inn i <Spes, NumP>. Viss han *ikkje* projiserer til fraseform, men blir sett inn som ein rein kjerne, må vi forklare korfor han likevel står i ein fraseposisjon. Dette kan vere interessante spørsmål, særleg sidan også Julien nemner mulegheita for ein lågare innsetningsstad for adjektiv (2005a, s. 7). Mulegheita bare phrase structure gir for å la element ha *både* frase- og

Fig 18




kjerneeigenskapar kunne vere eit fruktbart teoretisk perspektiv her (Chomsky, 1994, s. 61ff; Muysken, 1982). Eg lar dei likevel ligge og lar for enkelheits skyld adjektivet i staden bli sett direkte inn saman med *nα*-elementet i overflateposisjonen sin, i form av ein frase *nαP*. Denne analysen er vist i Fig 18 på førre side.

Det må også nemnast: Resonnementet ovanfor om plasseringa av *nαP* bygger på at den førestilte og etterhengde bestemte artikkelen i norrønt er same element. Det er inga sjølvfølge. I norrønt var det vanlege, umarkerte alternativet at nomenet var utan synleg bestemd artikkel, enten det hadde unik/spesifikk referanse eller ikkje. Dette er typisk for unge artikkelsystem: Så lenge den bestemte tydinga er den rimelegaste, blir ikkje bestemtheit markert (såkalla *hypodeterminering*, Stroh-Wollin, 2009, s. 7). Sagt på ein annan måte trong ikkje trekket +DEF i *n* nødvendigvis noka synleg realisering i norrønt, i motsetning til i moderne norsk (Faarlund, 2004, s. 58). Men ved svake adjektiv er dette annleis: Her ser artikkelen ut til å vere obligatorisk.

Ein måte å forklare dette på er at førestilt (*h*)inn ved svake adjektiv («preadjektivisk artikkel») og etterhengd *-inn* på substantiv ikkje er same element (jf. t.d Stroh-Wollin, 2009, s. 3). I så fall kan ein ganske enkelt hevde at preadjektivisk artikkel er obligatorisk, mens etterhengd artikkel ikkje er det. Eg vil derimot følge Faarlund (2004, s. 56f) og Lohndal og van Gelderen i å gå ut frå at dei to artiklane er same element, dvs. at dei begge er ei lokal realisering av ein definit *n*.

Om *n* i moderne norsk skriv Julien (2005a, s. 4) at han kan lisensiere nominale argument – nærmare bestemt possessorar. Kjernen i Lohndal og van Gelderens analyse er at sterke adjektiv, takka vere *nα*, også er nominale argument i DP-en. I min analyse vil eg hevde at *nα*, akkurat som possessorar i moderne norsk, ber eit trekk som samsvarer med +DEF-trekket i *n* (sjå Fig 19 til høgre). For at *n* skal kunne lisensiere *nα*, må *n* få synleg realisering som artikkel. Dermed blir synleg artikkel obligatorisk ved svake adjektiv, tilsvarende den obligatoriske bestemtheita i possessive DP-ar i moderne norsk.



Det er verdt å merke seg at i desse tilfella blir *n* aldri synleggjort som etterhengd artikkel på nomenet. Dette fenomenet ser ut til å ha mykje til felles med sperreeffekten α P skapar for flytting til DP i moderne norsk, og eg vil føreslå at den konsekvente realiseringa av *n* som frittstående (*h*)inn kjem av at *nαP* skapar ein sperreeffekt på same vis: Det nominaliserte adjektivet har alle dei relevante trekka. Samtidig kan det ikkje flytte til *n*, fordi *n* er ein kjerneposisjon, mens *nαP* er ein frase. Det kan heller ikkje flytte til <Spes, *nP*>, fordi *n* dermed ikkje vil bli synleggjort, og *nαP* ikkje lisensiert.

Mot det siste kan ein innvende at dette ikkje er eit problem ved førestilte possessorar i Juliens analyse for moderne norsk (jf. kapittel 3.4.5). Dette problemet har eg inga løysing på. Eg vel likevel å bruke analysen som han er, med atterhald om at det også kan vere andre faktorar som hindrar flytting av *nαP* til <Spes, *nP*>.

Denne analysen fungerer på stort sett alle dei norrøne eksempla i korpuset eg bruker i denne oppgåva, med unntak av ein handfull DP-ar:


- (61) byrðingssegl vårt it forna (OH 115.19; Nyg 366)
 ‘Det gamle seglet vårt’ (*byrðing*: handelsskip, lastebåt)
- (62) minntist á æfi sína ena fyrri (OH 70.11; Nyg 366)
 ‘Hugsa på det førre livet sitt’
- (63) hit fyrsta þeira verk (SE 8.36; Nyg 52)
 ‘Den første gjerninga deira’
- (64) hinn hvíti björninn (K.Sk; F&T 63)
 ‘Den kvite bjørnen’
- (65) ens versta hlutarins
 ‘Den verste delen’ (Of 44)

Nok ein gong stoler eg på at sekundærkjeldene mine gir eit dekkande bilde av norrøn syntaks, og at konstruksjonane over, som alle er lista opp som sjeldne variasjonar innanfor normalen, ikkje er så sjeldne at dei er dei einaste i sitt slag.

Problemet dei tre første eksempla gir analysen vår, slik han så langt ser ut, er at ordrekkefølga er umuleg: Det finst ingen einskild-konstituent i *nP* som inneheld både possessoren og kjernenomenet, men ikkje adjektivet (jf. Fig 20 høgre). Det finst dermed ingen mulege flyttingar som vil la kjernenomen + possessor flytte først i frasen (med mindre vi vil flytte Num’ – ei sær s lite elegant løysing). Ein veg ut av dette er å seie at dei etterstilte svake adjektiva med artikkel i (61) og (62) er apposisjonar, og såleis uavhengige av resten av nominalfrasen. Denne løysinga kan ofte vere rimeleg. Men kva da med eksempel

(63)? Ut frå tydinga kunne vi ha tolka han som ein partitiv, men i så fall ville vi forventat at *verk* stod i genitiv plural-forma *verka*. Dropping av genitivendingar i partitivar er eit fenomen som oppstår i mellomnorsk tid, og vi ville ikkje vente å finne dette i klassisk norrøn prosa som Snorres *Edda*, som eksempelet er henta frå. Konstruksjonen kan så klart vere ein *feil*, men å gå ut frå at empirien må vere feil fordi han ikkje passar med teorien, er prinsipielt uheldig.

Når det gjeld konstruksjonane (64) og (65), ser dei ut til å innehalde to bestemte artiklar. Dei minner såleis om moderne norsks dobbel bestemtheit. Som vi hugsar frå 3.4.2, forklarar Juliens analyse dette fenomenet med at den førestilte artikkelen står i D og den etterstilte i *n*. Eit problem ved å analysere (64) og (65) slik, ved sidan av det vi allereie har fastslått om D og synleg realisering av bestemtheit i norrønt, er at førestilt (*h*)inn ikkje er etymologisk i slekt med den førestilte artikkelen i norsk – sistnemnde er utvikla frå det norrøne demonstrativet *sá*. Faarlund føreslår derfor at det vi ser enten er a) kopiering av +DEF-trekket i





(projeksjonen i hans analyse som svarer til Juliens) *n* ned på nomenet i (projeksjonen som svarer til) Num, eller b) «samsvar» mellom adjektivet og nomenet. I alle tilfelle ser dette ut til å vere eit overgangsfenomen mot moderne norsk (Faarlund, 2004, s. 58).

Kopiering nedover i strukturen er slik eg ser det inga god løysing. For det første kan vi spørje oss korfor slik dobbel realisering av *n* ikkje også kan skje utan adjektiv, slik at vi får andre dobbeltmarkerte former som **hinn maðrinn*. For det andre finst inga slik dobbel realisering av *n* i moderne norsk – iallfall ikkje i Juliens analyse, som forklarar dobbel bestemtheit i norsk som resultat av ein synleg uttrykt *n* pluss ein synleg uttrykt D.¹⁶ Dermed føreset dette forslaget eit ekstra utviklingstrinn, som vi ikkje finn igjen i moderne norsk, og ei enklare forklaring ville såleis vere å føretrekke. Eg vil derfor i staden bruke det andre forslaget til Faarlund: Eg vil prøve å forklare fenomenet som eit samsvarsfenomen, og dei avvikande strukturane som eit tidleg stadium av situasjonen i moderne norsk.

Som vi har sett, har adjektiv i moderne norsk fått obligatorisk plassering føre nomenet, hos Julien i <Spes, αP>. Lohndal og van Gelderens forklaring på denne utviklinga er at adjektivet etter kvart ikkje lenger blei tolka som nominalisert eller verbalisert, men som eit reint adjektiv, utan nominale eller verbale eigenskapar. Utan desse kunne det ikkje lenger opptre som ei redusert relativsetning postnominalt, og det kunne heller ikkje lisensierast av *n* (som lisensierer nominale argument). Dermed måtte det til <Spes, αP> for lisensiering,

Eg føreslår, i tråd med Faarlunds andre forslag over, at den preadjektiviske artikkelen blei reanalysert som nettopp ein eigen adjektiv-artikkel som danna ein konstituent saman med adjektivet, dvs. ikkje same element som *n* uttrykt som (*h*)*inn*. Ein modell som viser denne nye adjektivplasseringa i norrønt er gitt i dei to strukturane i Fig 21 under. Som vi ser, produserer analysen eksempel (64) og (65) på to måtar: Enten ved

Fig 21



flytting av αP til <Spes, DP>, eller ved flytting av berre AP-en i <Spes, αP> til same stad.

Eksempel (63) kan vi dermed analysere slik: Possessoren *þeira* flyttar valfritt ut av *nP* via øvste spesifikatorposisjon og endar opp i prenominal stilling i <Spes,

PossP>. D er definit, og ein konstituent som viser DP-ens kasus må derfor flyttast til D-projeksjonen. Den nærmaste kandidaten er possessoren i <Spes, PossP>. Men sidan possessivpronomenet *þeira* ikkje har synleg

¹⁶ Merk at i analysen til Låke er nettopp dobbel realisering av det same bestemtheitsstrekket ei utvikling som skjer på vegen frå norrønt til norsk (2007, s. 62ff).

kasusbøying i norrønt (ein eigenskap det deler med *hans* og *hennar*), oppfyller det ikkje kravet frå D om å uttrykke DP-ens kasus. Det gjer derimot AP-en i <Spes, α P>, for denne inneheld ei kasusbøygdd form av (*h*)inn. AP-en flyttar derfor opp til <Spes, DP> (sjå Fig 22 under).

Denne analysen produserer (63), (64) og (65). I tillegg *kan* han produsere (61) og (62), viss vi tar Låkes og Faarlunds hypotese om topikalisering i nomenfrasar alvorleg, og går ut frå at ledd som har status som frasens tema, kan flyttast til ein posisjon heilt først, slik vi gjerne ser i setningar. Det *kan* såleis finnast mulegheiter for at nomenfrase + apposisjon også kan reanalyserast slik. Denne analysen er likevel etter mi meining nokså uelegant; ein eigen topikaliseringsplass i nomenfrasar verkar som ei ad hoc-løysing.




Fig 22

Eg vil kalle denne analysen *overgangsanalysen* for adjektiv, i motsetning til den eldre *nP*-interne adjektivanalysen vi utvikla i det føregåande. Sidan å realisere *n* ikkje var obligatorisk i norrønt, ville overgangsanalysen stort sett produsere dei same ordstrengane som den *nP*-interne analysen – avvik ville berre oppstå viss *n* blei synleg realisert bak nomenet.

Når svake adjektiv ikkje lenger blei lisensierte av *n*, stod *n* fritt til å kunne lisensiere possessorar i staden. Det fører oss endeleg inn på det tredje punktet eg nemnde innleiingsvis i dette kapitlet, nemleg posisjonen og forma til possessorar.

5.1.3 Posisjonen og forma til possessorar

Det siste og mest sentrale punktet i analysen er possessorane. Eg vil ta utgangspunkt i ein hypotese sett fram i Julien (2005a). Før eg presenterer denne, vil eg sjå nærmare på eit poeng frå Låke (2007) om semantikken til ulike adnominale genitivar og kva han kan ha å seie for spørsmålet om lisensiering og innsetningsstad.

I kapittel 2 såg vi at sjølv om det er eit tydeleg mønster i tydinga til dei adnominale genitivane, er distribusjonen og genitiv kasus det einaste dei *alle* har til felles. Adnominal genitiv i norrønt er altså variert

semantisk, men likevel eins syntaktisk: Genitivfrasar følgjer som regel kjernenomenet, sjølv når alt anna i frasen kjem før det (Faarlund, 2004, s. 59).

Eg kan ikkje gå inn på alle dei semantiske undergruppene i den adnominala genitiven – som vi har sett er dette eit stort og komplisert felt som eg knapt kunne ha skrapa i overflata av, og det er heller ikkje direkte relevant for mi problemstilling. Når eg likevel vil sjå på Låkes forklaring på den semantiske forskjellen mellom subjekts- og objektsgenitiv, er det fordi denne kastar lys over ein del problemstillingar knytte til den possessive genitiven, som er den eg skal konsentrere meg om.

Eksempla nedanfor viser forskjellen mellom subjekts- og objektsgenitiv i norrønt. I (66) er leddet som står i genitiv, «Erling», subjektet i verbalhandlinga som ligg implisitt i kjernenomenet. I (67) er genitiven «landsins» derimot objekt for den impliserte verbalhandlinga, utan at dette fører til nokon forskjell i syntaksen:

(66) Erling fell → Fall Erlings

(67) X veldr landinum → Vald landsins (Låke 95; Faa 65)

Låke trekker parallellar til setningars syntaks for å forklare dette. Slik verb deler ut objektets og subjektets θ -roller til ulike posisjonar, kan vi tenke oss at subjekts- og objektsgenitivar har ulike innsettingsstadar og dermed får ulike θ -roller frå N. Når objektsgenitivar likevel må flytte til same posisjon som subjektsgenitivar (dei har same overflateposisjon), kjem dette av at N har eit «subjektskrav» (Låke, 2007, s. 95f).

Ei innvending vi kan gjere mot å bruke Låkes resonnement på den DP-analysen vi har til no, er at sidan nomenet i N obligatorisk flyttar ut av NP, til Num, vil overflateposisjonen til dei underliggende «subjekts- og objektsposisjonane» i NP uansett bli den same: Dei vil dukke opp bak det numerusbøygde nomenet. Såleis treng vi ikkje gå ut frå noka obligatorisk flytting til \langle Spes, NP \rangle . Vidare verkar «subjektskravet» noko umotivert. Ein muleg måte å forklare subjektskravet i setningar i moderne norsk på, er at nominativ kasus må delast ut (Åfarli & Eide, 2003, s. 191ff). Og her er det verdt å merke seg at akkurat som ei setning berre kan innehalde eitt subjekt, kan ein norrøn nomenfrase berre innehalde éin adnominal genitiv, uansett semantisk type. Dette blir ei sjølvfølgje viss vi snur Låkes subjektskrav på hovudet: I staden for å forklare den eins syntaksen til genitivar med at \langle noko må stå i \langle Spes, NP \rangle \rangle , kan vi forklare at syntaksen er eins og at meir enn éin genitiv er utelukka med at berre ledd som står i \langle Spes, NP \rangle får genitiv kasus. Berre éin adnominal genitiv kan dermed bli morfologisk synleg, og denne *må* stå i \langle Spes, NP \rangle . Den syntaktiske einskapen til dei semantisk ueinsarta adnominala genitivane kjem såleis av at adnominal genitiv er ein strukturell kasus, delt ut til éin bestemt posisjon i syntaksen, men utan følgje av ei fast θ -rolle.

Dette gjer også at den eventuelle underliggende strukturen til dei ulike genitivane er utilgjengeleg for oss, sidan dei er morfologisk usynlege. Derfor vil eg la alle genitivar og possessorar starte i <Spes, NP>, første overflateposisjon.

Løysinga vi endar opp med – utdeling av kasus frå N – er den Juliens DP-analyse føreslår for possessivar i (konservativt) moderne islandsk, og for eldre språksteg av alle dei skandinaviske språka (Julien, 2005a, s. 157). At possessorane er fullt lisensierte i <Spes, NP>, forklarar korfor dei som regel står etter kjernenomenet: Vidare flytting er i utgangspunktet unødvendig. Possessorar kan likevel bli sette føre nomenet for utheving, og når ein genitiv «smeltar saman» med hovudordet til eitt omgrep (Nygaard, 1966, s. 368f). (I dei siste tilfella kan det vere vanskeleg å avgjere om vi ser på særskrivne orddanningar eller to sjølvstendige konstituentar i nomenfrasen, og eg vil ikkje ta stilling til spørsmålet her.) Eg vil gå ut frå at ved utheving flyttar possessorane til PossP, som i moderne norsk (dette er vist i analysen av eksempel (63), *hit fyrsta þeirra verk*, i Fig 22 på s. 43).

5.1.4 Oppsummering av analysen av norrøne DP-ar

Dei endringane eg vil gjere for å tilpasse Juliens DP-analyse for moderne norsk til norrønt, er såleis for det første å endre kravet som ein definit D stiller til konstituentar som flyttar til <Spes, DP>. Mens dei i moderne norsk må uttrykke bestemtheit, må dei uttrykke kasus i norrønt. For det andre vil eg bruke Lohndal og van Gelderens (2008) analyse og la adjektiv bli sette inn internt i *n*P, enten postnominelt (sterke) eller i <Spes, NumP> saman med eit nominaliserande element (svake). Samtidig vil eg rekne overgangsanalysen for adjektiv, der adjektivet blir sett inn saman med ein bestemd artikkel i *α*P, som produktiv på det norrøne språksteget, skjønt sannsynlegvis ikkje hos alle talarar. Til slutt reknar eg med at possessorar (og andre adnominale genitivar) er fullt lisensierte i <Spes, NP>, og at dei får tildelt genitiv kasus frå N – med unntak av possessivpronomen, som deler kasus med kjernenomenet. Dette gjer at alle possessorar fritt kan stå postnominelt eller flytte til <Spes, PossP> for utheving. Vi ser at alle desse endringane har å gjere med endringar knytte enten til uttrykk av referensialitet uttrykt i D og *n*, eller til lisensieringa av adjektiv og adnominale genitivar.

5.2 Moderne *sin*-possessivar vs. eldre eksempel

Kor lik er *sin*-possessiven vi finn i dei eldste kjeldene den vi har i moderne norsk? Vi har allereie vore inne på at dei postnominelle possessorane, som får kasus delt ut frå D_{POSS} eller P_{POSS} når N sluttar å dele ut genitiv kasus, ser ut til å bli markerte med *dativ* kasus (jf. eksempla *aat barninu* (22) og *hennar Ingebergo* (23)). Dette høver godt med det som har blitt hevda om at leksikalsk kasus blei identifisert med dativ, dessutan med at når genitiv kasus fall bort var dativ den «mest oblike» tilgjengelege kasusen (slik vi ser i tysk i dag).

Eg hadde forventa å finne noko liknande også hos *sin*-possessivane, ved at possessoren var kasusmarkert med dativ eller genitiv kasus i tillegg til at Poss var uttrykt. Men blant *sin*-possessivane i korpuset mitt finst det ingen eksempel på dette. Ei (ikkje usannsynleg) forklaring på dette kan så klart vere at dativ og genitiv kasus allereie var gått ut av bruk da *sin*-eksempla mine blei skrivne ned. Men blant *deres*-possessivane mine har eg funne tre eksempel som er dobbeltmarkerte. Det er til gjengjeld tre av dei «danskaste» eksempla, to frå Absalon Pederssøn Beyers «Om Norgis rige», som er skriven på dansk, og eitt frå Peder Clausson Friis. I desse eksempla er possessorens kjerne markert med ein *-s*:

(68) da haffuer Gud villet straffet [[de nessekonger-s] deris] tyranni (Abs.ONR; F&T 46)

(69) effter [høysalig kong Christian-s den tredie] hans] befaling (Abs.ONR; F&T 44)

(70) [[desse Bønder-s] deris] Dristighed (P.Cl; F&T 46)

Kva dette kan seie oss om *deres*-possessiven vil eg ikkje gå inn på her, men *sin*-possessivane i kjeldene er iallfall overraskande nok likare den moderne norske enn forventa.

Dei mest markante og oppsiktsvekkande forskjellane mellom dei eldre nynorske eksempla i korpuset og dagens språkbruk involverer faktisk *-s*-possessiven. I konstruksjonar der vi ville venta å finne gruppegenitiv i moderne norsk, finst eksempel på at berre frasekjernen er markert, at både fraseslutt og frasekjerne er markert, eller endeleg at frasekjernen er flytta fram og markert, og at resten av frasen står umarkert igjen bak nomenet:

(71) [lagmandsen-s Steffan Anderson-s paa Steig] effterleuersche (Abs.Db 93; (F&T 44))

(72) [Mester Torbern-s paa Toten-s] søstersøn (Abs.Db 53; (F&T 44))

(73) Vart Christina [her Hans-is]; dotter [t_i til Manger] døbt her i Domkircken (Abs.Db 161)

Ei svakheit ved korpuset mitt her, er at alle eksempla på dei to første fenomena er henta frå Absalon Pederssøn Beyers dagbok, og dei kjem såleis alle frå same informant, noko som gjer det vanskeleg å seie om dette har vore særleg utbreidd. Når det gjeld det siste fenomenet, viser Falk og Torp (1900, s. 44) at vi overraskande nok også finn det hos Holberg. Korleis vi skal tolke dette, er eg usikker på. Absalon Pederssøn Beyer har også elles ein syntaks som i mykje minner meir om norrønt enn om moderne norsk (plasseringa av verb og subjekt er eit eksempel), og det er muleg at det vi ser i eksempla ovanfor, er ein framleis levande, om formreduert, genitiv. Dette fenomenet ville det vere interessant å undersøke vidare, men det fell utanfor problemstillinga til denne oppgåva.

Alt i alt konkluderer eg med at dei eldste kjeldene vi har til *sin*-possessiven ikkje gir grunn til å tru at han skil seg frå konstruksjonen slik han opptre i dag.

5.3 *Sin*-possessiven meir økonomisk enn genitiven?

Ved hjelp av den tilpassa utgåva av Juliens DP-analyse kan vi no undersøke spørsmålet om *sin*-possessiven er meir økonomisk, slik vi definerte dette i kapittel 3.2, enn den norrøne genitiven.

Det første økonomiprinsippet, *Head Preference* eller kjernepreferanse, ser ikkje ut til å vise noka endring. Både genitiven og *sin*-possessiven involverer frasar. Heller ikkje det andre økonomiprinsippet, *Late Merge* eller prinsippet om sein innsetting, er openbart betre tilfredsstilt i éin av konstruksjonane enn i den andre. Dette prinsippet handlar i praksis om flytting, men la oss sjå på forholda rundt både innsetting og flytting berre for å understreke kor like dei to analysane er. Sjølv om eg har halde ope mulegheita for at possessorar kan ha ein annan, lågare innsettingsstad enn $\langle \text{Spes, NP} \rangle$, og at det såleis kan finne stad flyttingar før possessoren når denne posisjonen, kan eg naturleg nok ikkje ta desse med i rekninga her, sidan dei som nemnt før er skjulte. Innsettingsstaden blir såleis den same. Når det gjeld flyttingar frå $\langle \text{Spes, NP} \rangle$, involverer både *sin*-possessiven og den førestilte genitiven to flyttingar, først til randposisjonen $\langle \text{Spes, } nP \rangle$, og derfrå til $\langle \text{Spes, PossP} \rangle$. Samanlikna med ein *etterstilt* genitiv inneber *sin*-possessiven så klart ei flytting ekstra.

I spørsmålet om flyttingar må vi også ta omsyn til flytting til $\langle \text{Spes, DP} \rangle$. *Sin*-possessiven, som er lisensiert av ein definitiv *n* i moderne norsk og såleis uttrykker eit definitiv-trekk, kan flytte opp til $\langle \text{Spes, DP} \rangle$ og realisere ein definitiv-krevjande D. I denne analysen har eg gått ut frå at ein norrøn prenominal genitiv, sjølv om han er den nærmaste kandidaten for ein definitiv D, ikkje kan gjere det same. Fordi han ikkje er lisensiert av *n*, oppfyller han ikkje kravet til ein definitiv-krevjande D, og fordi han har feil kasus, kan han ikkje oppfylle kravet frå ein kasus-krevjande D. Dette burde føre til at derivasjonen av frasen kræsjar viss ein genitiv flyttar fram i ein DP med spesifikk referanse. Det kan finnast støtte for denne konklusjonen i at vi slett ikkje finn norrøne nomenfrasar med prenominal genitiv + realisert *n* (Låke, 2007, s. 39): Sidan *n* ikkje har noko med lisensieringa av possessorar å gjere, kan ikkje denne effekten skyldast det same som i moderne norsk, der han har å gjere med at possessoren, når han flyttar innom $\langle \text{Spes, } nP \rangle$, gjer realisering av *n* unødvendig. Derimot vil ein definitiv *n* i begge tilfelle føre til ein definitiv D, sidan D må samsvare med *n*, og denne D-en kan ein førestilt genitiv ikkje uttrykke i min analyse. Gitt at denne analysen er korrekt, gir den moderne *sin*-possessiven eit meir økonomisk alternativ for ein definitiv-krevjande D. Dette er likevel, som nemnt tidlegare, eit spørsmål som krev nærmare undersøking før ein kan komme med nokon eigentleg konklusjon.

Det tredje økonomiprinsippet, som altså er ei samanfating av dei to vi allereie har nemnt, er prinsippet om *Economy of features* eller trekkøkonomi: Derivasjonen bør innehalde så få tolkbare trekk som muleg. Er det grunn til å hevde at *sin*-possessiven inneber ein reduksjon av tolkbare trekk?

Som nemnt i teorikapittelet er definisjonen på tolkbare trekk omdiskutert og noko uklar. I dette steget av analysen vil eg trenge ein utvetydig arbeidsdefinisjon. Her resonnerer eg slik: Sidan den klassiske formuleringa av forholdet mellom tolkbareheit og valuering inneber at valuering er den syntaktiske sida av

tolkbarheit, og uvaluerte trekk blir valuerte gjennom samsvar med valuerte trekk, vil eg definere tolkbare trekk som *trekk som kan utløyse samsvar*, dvs. valuere andre, ikkje-tolkbare trekk. Såleis vil genustrekket i N vere tolkbart, men ikkje genustrekket i dei andre kjernane i DP-en, t.d. α eller D.

Sidan norrønt er eit hypodeterminerande språk, er det ikkje ut frå ordforma klart om eit nomen som t.d. *jarl* har spesifikk og unik referanse eller ikkje – dette må lesast ut frå konteksten ordet står i. For å få den norrøne modellen mest muleg samanliknbar med den norske, har eg latt både possessumet og possessoren ha unik og spesifikk referanse i begge språk, dvs. at både *n* og D har trekket [+DEF]. I min analyse har eg føreslått at ein norrøn DP-possessor ikkje kan flytte fram for å realisere ein definit D. Om han likevel kan fokusflyttast fram til PossP også når D er definit, er eit spørsmål eg ikkje har funne svar på, men det verkar motintuitivt, sidan heile resten av nominalfrasen da uansett må flytte føre possessoren igjen for å realisere D. For å kunne legge dette problemet til sides lar eg possessoren vere etterstilt og utan noko trekk for fokus i det norrøne eksempelet. Det betyr at eg endar opp med å samanlikne ein etterstilt possessor med ein førestilt ein. Eg ser likevel ikkje på dette som eit stort problem, sidan også *sin*-possessorar kan vere fokuserte eller ufokuserte, og dei såleis også kan bere eller ikkje bere eit fokustrekk. I denne samanlikninga er begge possessorane utan eit slikt trekk.

At Poss-kjernen i *sin*-possessiven, som blir oppretta fordi possessoren manglar kasus, må samsvare med possessumets trekk for genus og numerus, dvs. at *sin* må kongruere med kjernenomenet, tel eg ikkje med. Denne samsvarsrelasjonen involverer sjekking av utolkbare trekk, ikkje introduksjon av nye, tolkbare trekk til strukturen. Eg vil derimot rekne både dei individuelle [+DEF]-trekka i høvesvis *n* og D, og [POSS]-trekka både på possessoren og i Poss-kjernen, som tolkbare trekk. (Dette er noko problematisk, sidan ein kan diskutere om kvart av desse trekka treng valuing eller ikkje, og vidare om eit tolkbart trekk kan vere avhengig av valuing. Men som vi skal sjå i det følgjande, får spørsmålet ikkje avgjerande tyding.)

Eg vil bruke frasen «sæti jarls»/«jarlen sitt sete» som eksempel. La oss gå ut frå at genitivpossessoren *jarls* og *sin*-possessoren *jarlen* begge får utdelt ei θ -rolle frå N. Genitivpossessoren har i tillegg eit trekk for genitiv kasus ([GEN]), som blir valuert av N i \langle Spes, NP \rangle . Med dette er han ferdig lisensiert. Skal han flytte fram, reknar vi med at dette skjer fordi han også har eit fokus-trekk, men dette er valfritt, og eg gjer det altså ikkje i denne derivasjonen. *Sin*-possessoren har også eit kasustrekk ([KAS]), sjølv om dette blir valuert først i \langle Spes, PossP \rangle . Men i tillegg har *sin*-possessoren obligatorisk eit POSS-trekk som blir godkjent via samsvar med *n*, og som deretter lar Poss trekke til seg possessoren og gi han kasus:




Fig 23

Dei tolkbare trekka involverte i denne derivasjonen er for oversiktens skyld lista opp i tabellen under:

	Norrøn genitiv	Norsk <i>sitt</i>-possessiv
└ DP	[+DEF] (D)	[+DEF] (D)
└ PossP		[POSS]
└ nP	[+DEF] (n)	[+DEF] (n)
└ NumP	[SG]	[SG]
└ ⟨Spes, DP⟩:		[POSS]
└ Possessor-DP	[+DEF] (D)	[+DEF] (D)
└	[+DEF] (n)	[+DEF] (n)
└	[SG]	[SG]
└	[M]	[M]
└	[GEN]	[KAS]
└ N	[M]	[N]
	[NOM]	[KAS]
	‘Sæti jarls’	‘Jarlen sitt sete’

Som vi ser, inneheld derivasjonen av *sin*-possessiven to trekk meir enn genitiven (eller eitt, avhengig av korleis vi tel POSS-trekka). Grunnen er at lisensieringa av *sin*-possessiven er delt opp i to separate sjekkerelasjonar: Éin for lisensiering av possessoren ved samsvar med trekka i strukturen, og éin for utdeling av kasus. Om noko kan vi altså tale om ein *auke* i talet på tolkbare trekk frå genitiv til *sin*-possessiv. Ut frå økonomiprinsippa presenterte i van Gelderen (2004) og (2007) kan vi dermed hevde at *sin*-possessiven er *verre*, i tydinga mindre økonomisk, enn genitiven.

6 Drøfting

Eg opna denne oppgåva med å sette opp to spørsmål:

Oppstod *sin*-possessiven i norsk som ei erstatning for ein genitiv som ikkje lenger var brukande?

Viss han *ikkje* gjorde det, kan han ha erstatta genitiven fordi han var «betre», i tydinga *meir økonomisk*?

Kapittel 2 konkluderte med at kjeldene aleine ikkje gir noko klart svar på det første spørsmålet. Hypotesen eg har basert meg på i denne oppgåva, er at konstruksjonen blei lånt inn i ein norsk-tysk bufferkode ganske tidleg, og deretter på eit eller anna tidspunkt blei tatt i bruk også norsktalande imellom. Dette inneber at genitiven og *sin*-possessiven må ha blitt brukte om kvarandre av dei same talarane i ein lengre eller kortare periode. Etter mi meining er dette det mest sannsynlege scenarioet, og det gir svaret *nei* på spørsmål 1 over: Konstruksjonen oppstod i norsk som følgje av kommunikasjonsbehov mellom to språkgrupper i Bergen, ikkje fordi genitiv kasus ikkje var brukande i norsk lengre.

No kan eg ikkje late som om Falk og Torp (1900), opphavet til formuleringa «den almindelige omskrivning for den ubrugelige genitiv», som er utgangspunktet for dei to spørsmåla eg har prøvd å svare på, har meint «omskrivning» i den diakrone tydinga eg har brukt det i. Eg mistenker at Falk og Torps bruk av omgrepet til dels har vore farga av at dei meinte genitiven framleis var produktiv i samtidas norsk, nemleg i form av *-s*-possessiven (jf. H. Falk & Torp, 1900, s. 47). Alternative uttrykksmåtar blei såleis meir som eit stilistisk val å rekne, der «genitiven» var språkhistorisk og -politisk standard og omskrivingane var avvik. I denne oppgåva har eg brukt omgrepet i tydinga ein *tvungen* overgang til ein alternativ uttrykksmåte, fordi den tidlegare standardvarianten ikkje lenger finst i repertoaret til talarane. Svaret eg har gitt på spørsmål 1 impliserer likevel ein situasjon der *sin*-possessiven faktisk har vore eit stilistisk alternativ til genitiven på eit tidspunkt, sjølv om dette så klart var eit avslutta steg lenge før 1900.

Her i drøftingsdelen av oppgåva vil eg sjå meir på det andre spørsmålet, nemleg om *sin*-possessiven kan ha fortrengt genitiven fordi han var «betre». Eg vil fokusere på nettopp spørsmålet om *fortrenging*: Er det rimeleg å hevde at *sin*-possessiven kan ha bidrage til at genitiv gjekk ut av bruk – ikkje den *formrike* genitiven, men genitiven som adnominal kasus i det heile tatt?

6.1 Var *sin*-possessiven med på å fortrenge genitiv kasus?

På eit eller anna punkt i utviklinga frå norrønt til moderne norsk blei adnominal genitiv heilt erstatta av dei analytiske possessivkonstruksjonane vi gjekk gjennom i 2.1. Kva som var grunnen til dette har vi eigentleg ikkje komme vesentleg nærmare eit svar på, anna enn at det ser ut til at *sin*-possessiven ikkje er «betre» enn genitiven samanlikna ut frå økonomiprinsippa *Head Preference*, *Late Merge* og *Economy of Features*: *Sin*-possessiven har fleire obligatoriske flyttingar og ser ut til å krevje fleire tolkbare trekk i derivasjonen.

Det finst så klart andre «økonomiske» kriterium eg like gjerne kunne ha samanlikna konstruksjonane ut frå. Eit nesten banalt eit er leksikonforenkling. *Sin*-possessiven krev at leksikon inneheld informasjon om genus og numerus, og bøyinga av *sin*. Den formrike genitiven krev i tillegg at leksikon inneheld informasjon om genitivendingar. Her kan vi legge til at det norrøne bøyingsystemet var lite føreseieleg – det var ingen eintydig samanheng mellom forma, tydinga og genuset til ein stamme på éi side, og genitivforma til den same stammen på den andre. Eit slikt uføreseieleg system er vanskeleg å lære, iallfall for andrespråksinnlærarar. At dei siste faktisk kan ha spelt ei rolle i språkendingane som fann stad i mange europeiske språk i seinmellomalderen, blir hevda av bl.a. Meisel (2011, s. 140). Meisel understreker at i denne samanheng kan «andrespråk» vel så gjerne vere ein «andredialekt». Vi såg da også i kapittel 2 at bøyingsparadigma blei sterkt reduserte i mellomnorsk, dvs. i seinmellomalderen, og dette var ein periode der det ikkje berre var ei tilstrøyming av bl.a. tyske handverkarar til alle store norske byar (slik vi såg i kapittel 2), men der også pestutbrot førte til store demografiske endringar og flyttingar internt i landet.

Ein kunne også ha tatt eit meir sosiolingvistisk perspektiv, slik bl.a. Nesse (2002) har gjort, eller ein kunne ha sett på pragmatiske sider ved konstruksjonane, som tydelegheit – dette er interessant særleg sidan kjeldene viser at genitiv kasus i løpet av (norrøn og) mellomnorsk tid blei stadig sterkare assosiert med possessivitet, samtidig som teorien i denne oppgåva antyder at possessorrolla og genitiv kasus ein gong i same periode skilde lag i det syntaktiske systemet. Enda ei mulegheit, som analysedelen av denne oppgåva kanskje kan yte noko til, er å sjå på muleg samspel mellom dei tre endringane eg har hevda har funne stad mellom norrønt og moderne norsk, dvs. mellom endringar knytte til realiseringa av D, lisensieringa av adjektiv, og genitivbortfallet.

Som Norde (1997b, s. 403; 2012) peiker på, er det sannsynlegvis eit samspel av språkinterne og -eksterne faktorar som har ført til at genitiv kasus gjekk ut av bruk. La oss no vende tilbake til spørsmålet om lånet av *sin*-possessiven kan vere ein av desse faktorane.

Det første vi må avklare, er at ein situasjon der genitiv kasus er produktiv i den internaliserte grammatikken (IG-en) til generasjon A, men ikkje i IG-en til generasjon B, er eit skoleeksempel på *Transmission failure* eller *overføringssvikt*. Meisel viser at dette er eit fenomen som ser ut til å skje svært sjeldan, om i det heile tatt. Spåklæringsevna er svært robust, og barn oppnår full kompetanse i morsmålets grammatikk, også sjeldne konstruksjonar, tvitydige konstruksjonar, og konstruksjonar som strir mot andre

delar av grammatikken. Påverknad frå fleire språk samtidig ser heller ikkje ut til å vere noko hinder (Meisel, 2011, s. 124f).

For at barn skal mislykkast i å lære ein konstruksjon, må dei enten ikkje bli utsett for han i det heile tatt, eller feiltolke han. Det har blitt føreslått at det siste kan skje viss konstruksjonen er tvitydig. At barn i desse tilfella vil velje den mest økonomiske «forklaringa», er, som vi var inne på i teorikapittelet, grunnlaget for økonomiprinsippa. Men som vi også var inne på i teorikapittelet, hevdar Fodor (1998) at dette er feil: I møte med tvitydige konstruksjonar vil barn vente på utvitydig input (jf. 3.2.2).

Sin-possessiven skil seg ganske sterkt frå (den formrike) genitiven: Han viser mellom anna samsvarsbøying med possessumet, noko genitivpossessorar aldri gjer. *Sin*-possessiven kan derfor vanskeleg reanalyserast som berre eit alternativt uttrykk for same underliggande struktur som genitiven, og det er liten fare for at eit forsøk på å syntetisere desse to til ein og same struktur kan ha ført til feilanalyse av (formrike) genitivkonstruksjonar. Dette er meir enn vi kan seie om den andre førestilte possessivkonstruksjonen som har oppstått på vegen frå norrønt til moderne norsk, nemleg *-s*-possessiven.

Vi har sett at i kjeldene spreier *-s*-endinga seg frå sterke maskulinum og nøytrum til ho til slutt finst i alle bøyingsklassar. På eit eller anna punkt har ho også blitt reanalysert som eit frasefinalt klitikon. Kva tid dette skjedde, er svært vanskeleg å seie, fordi ein slik klitikon-*s* er så til forveksling lik ei bøyingsending. Om nokon konstruksjon kan ha ført til at genitiven forsvann heilt, er det *-s*-possessiven, for genitivpossessorar i eit formfattig paradigme kan feilanalyserast som *-s*-possessorar viss dei er førestilte og enkle, dvs. at dei ikkje inneheld komplement i form av PP-ar eller relativsetningar. Det omvendte er så klart også tilfelle: *-s*-possessorar kan, viss dei er enkle, bli feilanalyserte som genitivar.

Eg har ingen støtte for påstanden i undersøkingar av verken notidig eller eldre norsk språk, men basert på eigen språkbruk vil eg hevde at possessorar stort sett er enkle. I bl.a. Absalon Pederssøn Beyers dagbok er det vidare ein så godt som absolutt tendens til å førestille possessorar. Dette kan så klart vere eit skriftspråkfenomen eller eit individuelt særtrekk hos meister Absalon, men la oss tenke oss at ein slik tendens fanst også i talespråket. I så fall kan førstepråksinnlærarar ha vore omgitt av tvitydig input.

I møte med tvitydig input vil barn vente på eintydig input. Og det er her *sin*-possessiven kjem inn, for *sin*-possessiven er eintydig, og, kva meir er: Han har same underliggande struktur som den tvitydige *-s*-possessiven (jf. 3.4.5). For førstepråksinnlærarar som baserte seg på elles tvitydig input, kan han såleis ha fungert som det som tippa vektskåla i den analytiske konstruksjonens favør. *Sin*-possessiven vil i så fall ikkje sjølv ha tatt knekken på genitiven, men han vil ha hjelpt *-s*-possessiven å gjere det.¹⁷

Ei slik utvikling vil gi ein situasjon der både *sin* og det frasefinale klitikonet *-s* opptrer i same språksamfunn. Men som (Torp, 1973) viser, er det ikkje dette som har vore situasjonen i målføra. Dialektar

¹⁷ Eit spørsmål som dermed blir påtrengande, men som eg likevel ikkje skal gå inn på her, er dette: Korleis oppstod *-s*-possessiven?

har gjerne hatt det eine eller det andre (eller ingen av delane, for det indre Austlandet og delar av Trøndelag sin del). I dei vestnorske dialektene må *sin*-possessiven, viss vi baserer oss på scenarioet som er lagt fram over, ha utkonkurrert *-s*-en heilt i possessive konstruksjonar.

La oss gå ut frå at utviklinga som er skissert over, stemmer (nok ein gong: utan at vi kan stadfeste dette). Paradoksalt nok kan vi da snu på formuleringa hos Falk og Torp (1900) enda ein gong, slik at vi endar opp med *sin*-possessiven som ei omskriving for det frasefinale klitikonet *-s*: Kan *sin*-possessiven ha erstatta *-s*-possessiven fordi han var betre?

Dette er eit fenomen vi har høve til å studere i moderne tid, for som det har blitt nemnt tidlegare i oppgåva, har *sin*-possessiven det siste halve hundreåret spreidd seg utanfor det tradisjonelle området sitt og inn i austnorsk. Nokre har føreslått at denne spreinga har gått gjennom nynorsken, bl.a. Låke (2007, s. 41). Denne forklaringa verkar likevel lite sannsynleg, all den tid *sin*-possessiven har vore omtrent like uglesett i nynorsk som i bokmål. Torp (1992, s. 162ff) sett i staden utviklinga i samanheng med flyttinga frå Nord- og Vest-Noreg til det sentrale Austlandet i løpet av andre halvdel av nittenhundretallet. Austnorsktalande barn med foreldre som har hatt *sin*-konstruksjonen i sin dialekt, skal dermed vere dei som har ført konstruksjonen inn i austnorsk. At konstruksjonen ser ut til å spreie seg vidare frå desse språkbrukarane, gir Torp to forslag til forklaring på. Det eine argumentet er sosiolingvistisk, og viser til at *sin*-possessiven synest som ein variant som ikkje er like «bondsk» som dei tradisjonelle possessivane på austlandet (*hans/hennar*-possessivar og PP-possessivar), men heller ikkje like «urban» (les: Oslo-aktig) som *-s*-en. Det andre argumentet går på pragmatiske forhold: *Sin* blir særleg tatt i bruk i samband med possessorar der *-s*-en ikkje kjennest rett, eller der han er tydelegare enn alternativa. Dette kan vere på grunn av lydsamanfall, som etter eigennamn som *Lars*, *Johannes* og *SAS*, eller etter svært komplekse possessorar, som det ekstreme eksempelet nedanfor.

(74) «Det har vært stor ståhei både på flyplassen og i havna i forbindelse med *patriarkens og landets president og mektigste politikeres sitt opphold her*» (Skreiberg, 2016)

Sjølv har eg observert ein tendens til at folk bruker *sin*-possessiv i skrift i situasjonar der dei er usikre på rettskrivingsreglane for *-s*-endinga, som etter forkortingar – på eit vis analogt, kan ein kanskje hevde, med forslaga vi såg i bakgrunnskapittelet om at konstruksjonen kan ha oppstått på grunn av usikkerheit knytt til bøyingsendingar ved framandord.

Om dagens situasjon kan samanliknast med spreinga av *sin* i mellomnorsk, avheng av kor like dei sosiolingvistiske og språknormerande forholda som rådde under denne utviklinga er dei vi har i dag. Dette kan vi vanskeleg seie noko sikkert om. Den einaste mulegheita vi har, er dermed å gå ut frå det som er kjent som *uniformitetsprinsippet*, og som kort fortalt er at lovane som styrer språkutviklinga, i det grunnleggande er dei same til alle tider. Samtidig må vi, når vi bruker uniformitetsprinsippet, ta atterhald om at det er den

sosiale konteksten som styrer måten desse lovane verkar på, og denne konteksten er ukjend for oss i vårt tilfelle (Labov, 1994, s. 20f, her frå Berg, 2013, s. 21f). Vi må dermed ta ein god del atterhald og gi rom for mykje usikkerheit. Konserverande språknormative haldningar er blant dei faktorane som van Gelderen (2004, s. 12) nemner som mulege motkrefter mot grammatikalisering, og det verkar trygt å generalisere dette til å gjelde for alle «forenklande» språkendingar. Når det gjeld dagens situasjon skal ein ikkje leite lenge etter eksempel på negative haldningar til *sin*-possessiven, iallfall brukt i skrift. Sjølv om dette gjer at ei eventuell vidare spreining i moderne tid kan bli sterkt hindra, på ein måte vi ikkje utan vidare kan gå ut frå at spreinga i eldre norsk blei, kan dagens språksituasjon vere ei interessant mulegheit til å studere spreining av *sin*-possessiven – nettopp fordi vi ikkje har kjeldemateriale som kan seie oss noko eintydig om korleis tidlegare spreining kan ha gått føre seg.

Det er altså svært mange måtar ein kunne svart på spørsmåla i innleiinga på, og vi kunne dessutan stilt spørsmåla på andre måtar enn eg har gjort i denne oppgåva. Emnet er såleis langt frå uttømt.

7 Konklusjon

I denne oppgåva har vi undersøkt om det er rimeleg å hevde at *sin*-possessiven, som tradisjonelt har høyrte heime i vest- og nordnorske dialektar, oppstod som ei erstatning fordi genitiv kasus ikkje lenger var brukande, eller om han kan ha erstatta genitiv kasus fordi han var meir økonomisk, målt etter økonomiprinsippa *Head Preference* (kjernepreferanse), *Late Merge* (sein innsetting) og *Economy of Features* (trekkøkonomi), slik desse er framstilte i van Gelderen (2004) og (2007).

Sin-possessiven dukkar opp i kjeldene på omtrent same tid som vi ser tydelege teikn på at den formrike genitiven har gått heilt ut av bruk i det munnlege språket. Ut frå kjeldene kan vi rekne med at *sin*-possessiven må ha vore i bruk i norsk talespråk seinast på slutten av 1400-talet, men han kan ha vore i bruk mykje tidlegare. Men genitiven kan også ha gått heilt eller delvis ut av bruk lenge før dette blir synleg i dei skriftlege kjeldene. Vi kan dermed ikkje ut frå kjeldene aleine seie noko eintydig om den eine konstruksjonen har avløyst den andre direkte, om det har vore ein kortare eller lengre periode mellom genitiven gjekk ut av bruk i talespråket og *sin*-possessiven blei innført, eller om bruken av dei to konstruksjonane har overlappa. Det siste alternativet har blitt behandla som det mest sannsynlege i denne oppgåva, ut frå eit syn om at konstruksjonen blei lånt inn i språket frå mellomlågtyisk via ein bergensk bufferkode. Gjengs haldning har vore at *sin*-possessiven er lånt, delvis på grunn av det eg her har kalla *refleksivproblemet*, nemleg at den norske konstruksjonen bruker eit refleksivt possessivpronomen der samanliknbare språk bruker eit personleg eit. Dette har blitt forklart med at konstruksjonen har blitt feilomsett frå mellomlågtyisk, som hadde eit personleg possessivpronomen som var homonymt med det norske refleksive. I denne oppgåva har eg vist at refleksivproblemet ikkje er noko uoverstigeleg hinder for

ein hypotese om internt opphav, men at dialektgeografisk utbreiing og historisk kontekst gjer lånehypotesen til den mest sannsynlege.

Den analysen eg har komme fram til ved å tilpasse Juliens (2005a) DP-analyse for moderne norsk til norrønt, baserer seg på at det er tre grunnleggande forskjellar mellom nomenfrasen i norsk og norrønt. Den første er knytt til realiseringa av ein definit D, som i norrønt krev å bli uttrykt av eit element med synleg kasus, mens han i norsk krev å bli uttrykt av eit element som synleggjer bestemtheit. Den andre forskjellen er at adjektivet har gått frå ei *nP*-intern plassering til ei *nP*-ekstern plassering i $\langle \text{Spes}, \alpha P \rangle$, fordi det har mista evna til å opptre verbalisert eller nominalisert. Den tredje forskjellen er at nomenet i N har mista evna til å godkjenne og dele ut genitiv kasus til adnominale genitivar, t.d. possessorar. Kva samanheng det kan vere mellom desse endringane er eit spørsmål som enno kan undersøkast meir.

Ei samanlikning mellom denne analysen og Juliens DP-analyse for moderne norsk gir som svar på problemstillinga at *sin*-possessiven ikkje er meir økonomisk enn genitiven, fordi han må lisensierast gjennom to sjekkerelasjonar, éin for samsvar med *n* og éin for kasusutdeling. Genitiven blir derimot lisensiert gjennom berre éin sjekkerelasjon, der N både godkjenner genitiven og deler ut kasus til han. Eg finn ingen skilnadar mellom *sin*-possessiven i moderne norsk og eksempla vi har på han frå dei eldre språkstega, men her kan det hende at kjeldesituasjonen gir eit mangelfullt bilde.

Vi har konkludert med at det er usannsynleg at *sin*-possessiven avløyste genitiven fordi denne ikkje lenger var brukande, men også at det er usannsynleg at *sin*-possessiven fortrengde genitiven. *Sin*-possessiven kan likevel ha vore ein av fleire faktorar som førte til at genitiv kasus gjekk ut av bruk i mellomnorsk, særleg viss han samverka med den enklitiske *-s*-possessiven. Den moderne språksituasjonen i norsk, der *sin*-possessiven spreier seg til nye varietetar, kan gi eit interessant innblikk i kva andre føremonar konstruksjonen eventuelt kan ha.

8 Kjelder

- Barwise, J., & Cooper, R. (1981). Generalized Quantifiers and Natural Language. *Linguistics and Philosophy: An International Journal*, 4 (2), 159–219. doi: 10.2307_25001052
- Berg, I. (2013). *Eit seinmellomalderleg skrivemiljø: Nidaros erkesete 1458–1537*. PhD, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet.
- Berg, I. (2015). Det norske kasusbortfallet i seinmellomalderen. *Maal og Minne*, 1 (2015), 1–35.
- Beyer, A. P. (1928). *Om Norgis rige*. H. Beyer (Red.). Bergen: F. Beyers forlag.
- Beyer, A. P. (1963). *Dagbok 1552–1572*. R. Iversen & T. Knudsen (Red.). Bergen: Universitetsforlaget.
- Beyer, A. P., & Nilsen, H. (1970). *Dagbok og Oration om Mester Geble: Kommentarbind*. Oslo: Universitetsforl.
- Bjers, T. M. (2016, 26.5.). Trump har säkrat kandidaturen. *Göteborgs-Posten*. Henta frå <http://www.gp.se/nyheter/v%C3%A4rlden/trump-har-s%C3%A4krat-kandidaturen-1.1874816>
- Brandrud, A. (1901). *Stavanger Domkapitels Protokoll: 1571-1630*. Henta frå <http://www.nb.no/nbsok/nb/ff068e6b04b638ad0825a8e821f037fd.nbdigital?lang=no#93>.
- Braunmüller, K. (1989). Voraussetzungen für die Übernahme mittelniederdeutscher Sprachstrukturen in die skandinavischen Sprachen. I: K. E. Schöndorf, K. Hyldgaard-Jensen, B. Christensen & V. Winge (Red.), *Niederdeutsch in Skandinavien: I : Akten des 2. nordischen Symposions "Niederdeutsch in Skandinavien" in Kopenhagen, 18.-20. Mai 1987* (Vol. 5, s. 9–30). Berlin: Erich Schmidt.
- Braunmüller, K. (2012). Semi-communication and beyond. Some results of the Hamburg Hanseatic Project (1990–1995). I: L. Elmevik & E. H. Jahr (Red.), *Contact between Low German and Scandinavian in the late Middle Ages: 25 years of research* (Vol. 121, s. 95–112). Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs akademien för svensk folkkultur.
- Chomsky, N. (1986). *Knowledge of language: its nature, origin, and use*. New York: Praeger.
- Chomsky, N. (1994). Bare Phrase Structure. I: H. Campos & P. Kempchinsky (Red.), *Evolution and Revolution in Linguistic Theory* (s. 51–109). Washington, D.C.: Georgetown University Press.
- Chomsky, N. (2001). *Beyond explanatory adequacy*. Cambridge, Mass: Distributed by MIT Working Papers in Linguistics.
- Corbett, G. G. (2012). *Features*: Cambridge University Press.
- Dass, P., Heggelund, K., Apenes, S. I., & Harr, K. E. (1997a). *Samlede verker: 2: Bibelsk visebok; Katekismesangene*. Oslo: Gyldendal.

- Dass, P., Heggelund, K., Apenes, S. I., & Harr, K. E. (Red.). (1997b). *Samlede verker: 1: Nordlands trompet; Leilighetsdiktning*. Oslo: Gyldendal.
- Escribano, J. L. G. (1995). On Disfunctional Syntactic Change in Early Modern English: The Case of the 'Group Genitive': Or, Why Genitives No Longer Appear with Postnominal Restrictive Adjuncts. *Atlantis: Revista de la Asociacion Española de Estudios Anglo-Norteamericanos*, 17 (1-2), 45–87.
- Faarlund, J. T. (2003). Når alle informantane er daude. I: J. B. Johannessen & S. Erlenkamp (Red.), *På språkjakt: problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling* (s. 5–30). Oslo: Unipub.
- Faarlund, J. T. (2004). *The syntax of Old Norse: with a survey of the inflectional morphology and a complete bibliography*. Oxford: Oxford University Press.
- Faarlund, J. T., Lie, S., & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforl.
- Falk, C. (1995). Lexikalt kasus i svenska. *Arkiv för nordisk filologi* (110), 199–226.
- Falk, H., & Torp, A. (1900). *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. Kristiania: Aschehoug.
- Fodor, J. D. (1998). Unambiguous Triggers. *Linguistic Inquiry*, 29 (1), 1–36. doi: 10.2307_4179006
- Fritzner, J. (1954). *Ordbog over det gamle norske Sprog: 1: A-Hjørping* (Nytt uforandret opptrykk av 2. utg.). Oslo: Juul Møllers forl.
- Georgi, D., & Salzmänn, M. (2011). DP-internal double agreement is not double Agree: Consequences of Agree-based case assignment within DP. *Lingua*, 121 (14), 2069–2088.
- Gislason, K. (1860). *Fire og fyrretyve for en stor Deel forhen utrykte Prøver af oldnordisk Sprog og Literatur*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Glück, H. (2002). *Deutsch als Fremdsprache in Europa vom Mittelalter bis zur Barockzeit*. Berlin: de Gruyter.
- Grohmann, K. K. (2003). *Prolific Domains: On the Anti-Locality of Movement Dependencies*. Philadelphia, PA, USA: John Benjamins Publishing Company.
- Vigfússon, G., & Unger, C. R. (1860). *Flateyjarbok: en Samling af norske Konge-Sagaer med indskudte mindre Fortællinger om Begivenheder i og udenfor Norge: samt Annaler: 1*. Christiania: Malling.
- Haugen, O. E. (1994). *Norrøne tekster i utval*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Hodler, W. (1954). *Grundzüge einer germanischen Artikellehre*. Heidelberg: Winter.
- Holm-Olsen, L. (1945). *Konungs skuggsiá*. Oslo: Dybwad.
- Holmberg, A. (1994). Morphological parameters in syntax: the case of Faroese. *Report*, 35, 21–62.

- Holmberg, A., & Sandström, G. (1996). Scandinavian Possessive Constructions from a Northern Swedish Viewpoint. I: J. R. Black & V. Motapanyane (Red.), *Microparametric Syntax And Dialect Variation* (s. 95–120). Amsterdam, NLD: John Benjamins Publishing Company.
- Hopper, P. J., & Traugott, E. C. (2003). *Grammaticalization* (2 utg.). Cambridge: Cambridge University Press.
- Indrebø, G. (1920). *Soga um Ofeig den sløge*. Oslo: Samlaget.
- Indrebø, G. (1931). *Gamal norsk homiliebok: Cod. AM 619 4°*. Oslo.
- Iversen, R. (1921). *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630: Bd. 1: Utsyn over lydverket*. Kristiania: Jacob Dybwad.
- Iversen, R. (1932). *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630: Bd. 2: Utsyn over formverket*. Kristiania: Jacob Dybwad.
- Jespersen, O. (1921). *Language*. London: Allen & Unwin.
- Jónsson, F. (1916). *Gunnlaugs saga Ormstungu* (Vol. 42). København: Møller.
- Julien, M. (2005a). *Nominal Phrases from a Scandinavian Perspective*. Philadelphia, PA, USA: John Benjamins Publishing Company.
- Julien, M. (2005b). Possessor Licensing, Definiteness and Case in Scandinavian. I: M. d. Dikken & C. M. Tortora (Red.), *Function of Function Words and Functional Categories* (s. 217–250). Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Kaalund, K. (1891). *Laxdæla saga*. København: SL Møllers Bogtrykkeri.
- Keyser, R., & Unger, C. R. (1851). *Barlaams ok Josaphats saga*. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Kiefer, H. (1910). *Der Ersatz des adnominalen Genitivs im Deutschen*. Leipzig.
- Knudsen, T. (1967). *Kasuslære. Bind 2: dativ genitiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Labov, W. (1994). *Principles of Linguistic Change I: Internal Factors*. Oxford: Blackwell.
- Larsen, A. B. (1897). Antegnelser om substantivbøiningen i middelnorsk. *Arkiv för nordisk filologi*, 244–253.
- Lasch, A. (1914). *Mittelniederdeutsche Grammatik*. Halle: Niemeyer.
- Lohndal, T., & van Gelderen, E. (2008). The position of adjectives and double definiteness. *Working Papers in Scandinavian Syntax* (82), 1–22.

- Låke, S. (2007). *Nomenfrasen i norrønt og norsk: en diakron analyse*. Masteroppgave i nordisk språk, UiO, Oslo.
- Matras, Y. (2011). Universals of structural borrowing. I: P. Siemund (Red.), *Linguistic Universals and Language Variation* (s. 204–233). Berlin/Boston: Berlin/Boston: De Gruyter.
- Meisel, J. M. (2011). Bilingual language acquisition and theories of diachronic change: Bilingualism as cause and effect of grammatical change. *Bilingualism: Language and Cognition*, 14 (2), 121–145.
- Muysken, P. C. (1982). Parametrizing the notion "head". *Journal of Linguistic Research* 2, 57–75.
- Mørck, E. (2004). Mellomnorsk språk. I: O. E. Haugen (Red.), *Handbok i norrøn filologi* (s. 407–450). Bergen: Fagbokforl.
- Nesse, A. (2002). *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*: Novus.
- Nilsson, J., & Nielsen, Y. (1885). *Biskop Jens Nilssøns visitatsbøger og reiseoptegnelser 1574–1597*. Kristiania: A.W. Brøgger.
- Norde, M. (1997a). *The history of the genitive in Swedish: a case study in degrammaticalization*. Amsterdam.
- Norde, M. (1997b). Middle Low German – Middle Scandinavian language contact and morphological simplification. *Multilingua*, 16 (4), 389–409.
- Norde, M. (2012). On the origin(s) of the possessor doubling construction in Norwegian. I: H. v. d. Liet & M. Norde (Red.), *Language for its own sake. Essays on Language and Literature offered to Harry Perridon* (Amsterdam Contributions to Scandinavian Studies 8. utg., s. 327–358): Scandinavisch instituut, Universiteit van Amsterdam.
- Nygaard, M. (1966). *Norrøn syntax*. Oslo: Aschehoug.
- Pesetsky, D., & Torrego, E. (2006). The syntax of valuation and the interpretability of features. I: S. Karimi, V. Samiiian, W. K. Wilkins & J. E. Emonds (Red.), *Phrasal and clausal architecture* (s. 262–294).
- Ravnholt, O. (2006). Gruppegenitiv: Søren og Sofies sølvbryllup. Henta 21.6. 2016 frå <http://sproget.dk/raad-og-regler/artikler-mv/svarbase/SV00000063>
- Rindal, M. (1993). "Norsk språk 1350–1500: Gammalnorsk eller mellomnorsk". I: E. H. Jahr & O. Lorentz (Red.), *Historisk språkvitenskap*. Oslo: Novus.
- Scott, A. K. (2014). *The genitive case in Dutch and German: a study of morphosyntactic change in codified languages*. Leiden: Brill.
- Sick, B. (2006). *Der Dativ ist dem Genitiv sein Tod: Folge 3: Noch mehr Neues aus dem Irrgarten der deutschen Sprache*. Köln: Kiepenheuer & Witsch.

- Sigurðsson, E. F. (2009). *Genitive and possessive constructions in Faroese*. Paper presented at the The 5th International Conference on Language Variation in Europe, The University of Copenhagen.
- Skreiberg, C. (2016, 19.6.). For første gang på 1229 år skulle de møtes. Det gikk ikke helt som planlagt., *Aftenposten*. Henta frå <http://www.aftenposten.no/verden/For-forste-gang-pa-1229-ar-skulle-de-motes-Det-gikk-ikke-helt-som-planlagt-527572b.html>
- Sleeman, P., & Perridon, H. (2011). *Noun Phrase in Romance and Germanics: Structure, Variation, and Change*. Philadelphia, PA, USA: John Benjamins Publishing Company.
- Stroh-Wollin, U. (2009). On the development of definiteness markers in Scandinavian. *Working Papers in Scandinavian Syntax*, 83, 1–25.
- Sturluson, S. (1829). *Fornmanna sögur: eptir gömlum handritum: 4-5 1: Saga Ólafs konúngs hins helga*. Kaupmannahöfn.
- Sturluson, S., & Egilsson, S. (1848). *Edda Snorra Sturlusonar, eða Gylfaginning, Skaldskaparmal og Háttatal*. Reykjavik: Prentsmiðja landsins.
- Sturluson, S., & Jónsson, F. (1893–1901). *Heimskringla: Noregs konunga sögur af Snorri Sturluson I–IV*. København: Møller.
- Sørensen, S. (1988). Garpegenitiv – eller hvad? Om **far sin hat** i dansk. *Språknytt*, 1 (1989), 14.
- Sørli, M. (1957). *Bergens Fundas*. Bergen: Bergens historiske forening.
- Þórðarson, E. (1856). *Sagan af Agli Skallagrímssyni*. Reykjavik.
- Toft, E. H. (2009). *Adnominal and adverbial genitive constructions in Old Norse: a cognitive construction grammar account*. Department of Linguistics and Scandinavian Studies, Faculty of Humanities, University of Oslo, Oslo.
- Torp, A. (1973). Om genitivsomskrivninger og -s-genitiv i norsk. *Maal og minne* (1979), 124–150.
- Torp, A. (1988). ”Garpegenitiven – framgangsrik vestlending med kontinentale aner”. *Språknytt*, 4 (1988). Henta frå <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Eldre/Garpegenitiven/>
- Torp, A. (1992). Der sogenannte ”Garpegenitiv” – Ursprung, Alter und Verbreitung im heutigen Norwegisch. I: L. Elmevik & K. E. Schöndorf (Red.), *Niederdeutsch in Skandinavien: III: Akten des 3. nordischen Symposions "Niederdeutsch in Skandinavien" in Sigtuna, 17.–20. August 1989*. (Vol. 6, s. 151–167). Berlin: Erich Schmidt.
- Unger, C. R. (1853). *Saga Olafs konungs ens helga: udførligere Saga om Kong Olaf den Hellige: efter det ældste fuldstændige Pergaments Haandskrift i det store kongelige Bibliothek i Stockholm*. Christiania: Det Kongelige norske Frederiks Universitet.

- Unger, C. R. (1862). *Stjórn: gammel norsk Bibelhistorie: fra Verdens Skabelse til det babyloniske Fangenskab*. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Unger, C. R. (1864). *Gammel norsk Homiliebog (Codex Arn. magn. 619 qv.)*. Christiania: Brøgger & Christie.
- Unger, C. R. (1877). *Heilagra Manna Søgur: Fortællinger og Legender om hellige Mænd og Kvinder: efter gamle Haands[k]rifter: 1*. Christiania.
- Unger, C. R., & Sturluson, S. (1868). *Heimskringla, eller Norges kongesagaer*. Christiania: Brøgger & Christie.
- van Gelderen, E. (2004). *Grammaticalization as economy*. Amsterdam: John Benjamins.
- van Gelderen, E. (2007). The Definiteness Cycle in Germanic. *Journal of Germanic Linguistics*, 19, 275–308.
- Venås, K. (1990). *Den Fyrste morgonblånen: tekster på norsk frå dansketida*. Oslo: Novus.
- Woolford, E. B. (2006). Lexical Case, Inherent Case, and Argument Structure. *Linguistic Inquiry*, 37 (1), 111-130.
- Wyld, H. C. (1920). *A history of modern colloquial English*. London: T. Fischer Unwin.
- Åfarli, T. A., & Eide, K. M. (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus.

Vedlegg 1: Korpus: Norrøne nomenfrasar

Possessivar; ikkje-possessive genitivar; stillinga til adjektivet; «sinn» og anaforske konstr.

Possessivar

1. þau mín orð (OH 53.3; Nyg 29)
2. trúa mín (GG 65, Låke s. 39)
3. bór hans (Nyg 129)
4. nofnur hennar (Nyg 129)
5. ræningi þinn (Eg 307.15; Nyg 134)
6. vörðr þinn (Heilag I 393.12; Nyg 134)
7. þræll konungs (Nyg 368)
8. son Ólafs hvíta (Nyg 368)
9. draumr Hálfðanar (Nyg 368)
10. limar trésins (Nyg 129)
11. líkit Þóris var á braut borit (OH 116.36; Nyg 29)
12. í upphafi sinnar bókar (OH 1.3; Nyg 29)
13. lét hami vára átta systra undir eik borit (Helr 6; Nyg 133)
14. eign konu (F&T 69)
15. guðs munninn sjálfs (Kgs 92.4, Faa 76)
16. sín erendi (GG 75, Låke 39)
17. yðvarr misfari (Flat II 361.16; Nyg 133)
18. yðvarr farþegi (Laxd 98.13; Nyg 134)
19. Rúmverja höfðingjar (Hkr.Ung 6.21; Nyg 129)
20. jarls sæti (Nyg 129)
21. í konungs hásæti (OH 7.13; Nyg 29)

22. á konungs skipinu (F&T 64)
23. landit þitt (F&T 64)
24. kalla jörð Ýmis hold ok móður Þórs (F&T 43)

Ikkje-possessive genitivar

25. á ungmennis aldri (Nyg 368)
26. gamals manns líki (SE 1.23; Nyg 368)
27. sætta umleitanar (Hkr.Ung 278.1; Nyg 368)
28. sú er fleiri manna sagn (Hkr.Ung 725.11; Nyg 368)
29. þess þökk kunna (Hkr.Ung 278.8; Nyg 368)

Stillinga til adjektivet

30. með sómilegri fylgð sins hirðliðs (Barl 20.2; Nyg 52) (sjeldan)
31. Eneas fór á brott af Trójalandi ok með honum faðir hans gamall (Pr 87.22; Nyg 52) (sjeldan)
32. af hvössu tvíeggjaðu sverði fjándans (Barl 155.28; Nyg 52) (sjeldan)
33. sá var hinn þrettándi vetr kongungdóms hans (Hkr.Ung 391.14; Nyg 52)
34. enn mesta blóma minnar ferðar (Nyg 52)
35. hit fyrsta þeira verk (SE 8.36; Nyg 52)
36. hinum kærsta syni sínum (Hóm 1.2, Faa 59)
37. þá bar Ásta til hans enn yngsta son sinn (OH 63.35; Nyg 366)
38. hit mesta blót yðart (Hkr.Ung 181.32; Nyg 65)
39. bauð hann ambótt sinni þeirri þrónzku (Hom 153.13; Nyg 366)
40. við hit ytzta skip Ólafs konungs (Hkr.Ung 212.9; Nyg 52)
41. birt mér þitt hitt milda andlit (Barl 199.10; Nyg 366)
42. byrðingssegl vart it forna (OH 115.19; Nyg 366)

43. minntist á æfi sína ena fyrri (OH 70.11; Nyg 366)
44. fengu Vanir sína hina ágæztu menn (Hkr.Ung 5.29; Nyg 65)
45. minn hinn mesta úvin (Stj 470.18; Nyg 65)
46. mínir góðu vinir (Hom 165.1; Nyg 53)
47. hans helga skrín (Hom 166.25; Nyg 53)
48. minn hinn góði vinr (F&T 67)
49. ins versta hlutarins (Of 44; (Faa 58))
50. þau in stóra skip (Hkr.Jón I.437.13, Faa 82)
51. hinn hvíti björninn (Kgs; F&T 63)
52. sá ornninn (Gunnl 4.16; Faa 82)

«Sinn» og anaforske konstruksjonar

53. skilja þeir þá róðu sína (Hkr.Ung 131.3; Nyg 338)
54. hann nefndi sik Ólaf, en Tryggva Ólafsson fõður sinn (Hkr.Ung 128.19; Nyg 338)
55. jarl fekk honum son sinn til gíslingar (Hkr.Ung 165.16; Nyg 338)
56. dvaldist Ástríðr þar ok son hennar Ólafr (Hkr.Ung 126.35; Nyg 338)
57. hann spurði þá eptir íþróttum sínum (= deira) (OH 174.33; Nyg 339)
58. Ólafr konungr þakkaði henni vel orð sín (Hkr.Ung 239.13; Nyg 339)
59. Þorvaldr bað byskup fara til Íslands með sér ok skíra fõður sinn (= hans) (F&T 134)
60. sinn gullhring hafði hann á hvárri hendi (= kvar sin) (Nyg 340)

Vedlegg 2: Korpus: Eldre norske nomenfrasar

Dei få mellomnorske formene som finst i dette korpuset er stilte først i si gruppe og kursiverte.

Kjernemarkerte og dobbeltmarkerte former; preposisjons- og hans/hennes-possessivar; eks. på bruk av reflektivt poss.-pronomen; sin-possessivar; deres-possessivar; andre possessivkonstr.; uekte sin-possessivar i andre kjelder

Kjernemarkerte og dobbeltmarkerte former

61. lagmandsens Steffan Andersons paa Steig effterleuersche (Abs.Db 93; (F&T 44))
62. her Jacobs paa Askeuolds effterleuerske (Abs.Db 13; (F&T 44))
63. Mester Torberns paa Totens søstersønn (Abs.Db 53; (F&T 44))
64. Stod her Hansis Haluordsons brøllup på Manger (Abs.Db 171)
= *Hans Haluordson på Mangers* bryllup. Hans Halvordson var sokneprest til Manger og dessutan Absalons fetter (Absalon Pederssøn Beyer & Nilsen, 1970, s. 16; 109))
65. Vart Christina her Hansis dotter til Manger døbt her i Domkircken (Abs.Db 161)
(= *Hans til Mangers* dotter.)
66. ved Hertugens af Vendome Middel (Holb; F&T 44)
67. Hertuginde af Marlborough Testament (Holb; F&T 44)

Preposisjonspossessorar og hans/hennes-possessorar

68. *faðir at Ólafi* (DN VII 296; Fritz 82)
69. *varo þau ok i handarband Jon modher fadher hennar Ingebergo ok Helga modher hennar Ingebergo ok Arne fadher brodher hennar Ingebergo* (DN IV 818, Ryfylke, 1422; Nesse 183)
70. Brylllope Hans Thomaas Jehansa Mølmand (Ven 85) (1713, Trøndelag?)
71. schoffuen hans Matz By (Iv 44)
72. Son aat Kong Christian (Ven 55) (1694, Herløy)
73. Kongen aat Dadnemarch Sin Norskie Daatter (Ven 91) (1716)

Eksempel på bruk av refleksivt possessivpronomen

74. han sagde, at hesten sin var større (eksempel på «Nordenfjeldsk sprogbrug», F&T 135)
75. gaff ieg honnom med sin broder Haagen, fri kost (Abs.Db 41; (F&T 135))
76. forskyder ingen for sin tros skrøbelighetz skyldt (J.Niels; F&T 135)
77. oc bringer hannom om sit Liff (P.Cl; F&T 135)
78. raade hannem sit egit gaffn (= hans) (St.D.Pr 10; F&T 135)
79. giv HERren sin Ære, giv Kongen sin Told (Dass I 62; (F&T 135))
80. nu vil han, sin' Huse skal flyttes; hin klager, sin Gaarderum falder for trang (Dass I 61; (F&T 137))
81. ANfind hand gienghir / mæ Braser og Spengier / Til Sigri si (Ven 44) (1647)
82. In kiem Kraako hoppande Mæ si svart Hætta (Ven 42) (1647)

Sin-possessivar

83. *latha wij wort secretum ok fornempde wort elskelighe capitel sit jnsigle hengess nedhen fore thette breff (DN XI 278)*
84. Kongen aat Dadnemarch Sin Norskie Daatter (Ven 91) (1716)
85. giffuet af Niels Torckildsønn sin huszmand (St.D.Pr 87; Iv 44)
86. der viste vi Jacob Christiernson sine vidnesbyrd som hand hafde udgiuit paa Latine (Abs.Db 16; Nesse 186)
87. Da fandtes at Ole paa Volden sin Hest Af Grandenes Heste var skiendet (Dass I 56)
88. for Jephta sin Datter at græde (Dass II 39; F&T 46)
89. Før du ha staat førre i Mora sin gall (Ven 87) (1713, Trøndelag?)
90. Svein sin Far (Ven 111) (1724, Hardanger)
91. effterdi at deris sin hierter oc vilie fulle tilsame (Abs.Db 13)
92. icke skulde werre nogen gammell Preuilegie imodt udj nogen sinn Artickell (Fund; Nesse 186)

93. Jens ved Diget sin Sön (Berg.T anno 1663; Nesse 188)
94. Birett paa Stöllen sin dotter (Berg.T anno 1668; Nesse 187)
95. Christoffer Groff sin kvinde (Berg.T anno 1668; Nesse 187)

Deres-possessivar

96. paa moderens och alle the andre theris wegne (Abs.Db 94; (F&T 46))
97. her Jenssis capellan, hans predicken (Nilssøn & Nielsen, 1885, s. 227)
98. da haffuer Gud villet straffet de nessekongers deris tyranni (Abs.ONR; F&T 46)
99. desse Bønders deris Dristighed (P.Cl; F&T 46)
100. effter høysalig kong Christians den tredie hans befaling (Abs.ONR; F&T 44)
101. paa Jacop Anderszøn feltbereder hans wegne (St.D.Pr 236; F&T 44)
102. her Lauritzes Søster Lucretia Frantz daater hendis forseelse (J.Niels; F&T 44)
103. her Hans paa Vinger hans Dreng (J.Niels; F&T 45)
104. udi nogle deris nærværelse (J.Niels; F&T 46)
105. af mange deris gerighed (St.D.Pr 9; F&T 46)
106. en part deris raad (Abs.Db 41; F&T 46)
107. nogen Fugle dieris Kost (P.Cl; F&T 46)

Andre possessivkonstruksjonar

108. Kiær SIRI mi (Ven 47) (1669)
109. Brura hass venne (Ven 97) (1719)
110. Mæ Dockars kiæra Maag' (Ven 48) (1669)
111. min kiere Land-Drot (Ven 53) (frå Nordlands trompet, 1688)
112. Vert inckie prettin paa mi Norskie Bone=Digt (Ven 54) (1694)
113. Printz Frerich, aa hains ungie Konna (Ven 55) (1694)

114. min Norske Tungie (Ven 57) (1695)
115. Mi kiæra Sigri (Ven 45) (1647)
116. Kongiens gandske Huus (Ven 93) (1716)
117. Fader vor («norsk dialekt»; F&T 311)
118. sagvolderne och blodheffnerne den dødes (Abs.Db 26; F&T 43)
119. Moer aat Huszbund (Ven 47) (1669)
120. Saa[n] aat Kongien (Ven 56) (1695)
121. Søte halvar leena mæg skuto di (Ven 37) (1647)
122. Konna di ho Moer (Ven 47) (1669)
123. Daatter sien (Ven 47) (1669)
124. um sonnen sin, saa blei føddæ a Davids ætt (Ven 62) (1698)
125. Daa drack æg Skaala di (Ven 79) (1706)
126. Du som utaa go utsprotning, Fik en Bruer i fangien din (Ven 58) (1695)
127. No gifte a bort Kieldaattera sie (Ven 87) (1713, Trøndelag?)
128. Guten min (Ven 103) (1722)
129. Ottrin var deira Fiskar i Skogien (Ven 38) (1647)
130. Soyen var deira Føreszmann (Ven 40) (1647)
131. Nu steig æg i min Hest / min Baat æg meine siaa ! (Ven 48) (1669)
132. mæg og min Granne (Ven 53) (frå Nordlands trompet, 1688)
133. dokke tru bli namgiden øvæ adle væraa (Ven 62) (1698)
134. dit Namn (Ven 80) (1706)
135. Kongiens Kara (Ven 92) (1716)
136. Christians Bye (Ven 97) (1719)
137. her Per i Trumsens effterleuersche (Abs.Db 94; F&T 45)

138. firehvide stycker aff kong Hansis myntt (Abs.Db 92)

Uekte *sin*-possessivar i andre kjelder

Desse eksempla er nemnde fleire stader som eksempel på sin-possessivar, men er det ikkje.

139. hun haffuer faat en anden quinde heder *Anne i Taarby sit barn* (Nilssøn & Nielsen, 1885, s. 137;

(Iv 46))

(Verbet *faa* har her same tyding som «gi» i moderne norsk, og er ditransitivt: «sit barn» er direkte objekt, «Anne i Taarby» er indirekte objekt.)

140. her Matz sin haand (St.D.Pr 12; F&T 46)

(Det same gjeld her som i eksempelet over. «Her Matz» og «sin haand» er to setningsledd.)

141. der giemmer *de danske Monarcher sin' Ben* (Dass1 307; (Knudsen, 1967, s. 53))

(«De danske Monarcher» er her subjekt, mens «sin Ben» er direkte objekt.)